



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset i Volda
Dato: 24.11.2016
Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

Jørgen Amdam
ordfører



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 141/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 142/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 46/16	Presentasjon av Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS – biogassarbeidet
PS 143/16	Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda
PS 144/16	Søknad om løyve til oppstart av planarbeid - kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden
PS 145/16	Økonomisk støtte Regionale utviklingsmidlar - Forprosjekt Volda kunnskapspark
PS 146/16	VTI Fotball - utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda stadion - søknad om kommunal lånegaranti og kommunalt tilskot
PS 147/16	"Ny næringar på gamle tufter" – Prosjekt
PS 148/16	Søknad om omdisponering av deponeringstilskot - Grendahuset Vesttun/Spiren Aktivitetshus
PS 149/16	Avtale om kjøp av grunn til friområde – Andaneset
PS 150/16	Lokale til ungdomsklubben i Volda
PS 151/16	Grunnleggande verdiar for Volda kommune
PS 152/16	Møteplan for politiske møte - formannskap og kommunestyre – 2017
PS 153/16	Storting- og sametingsvalet 2017 - fastsetjing av valdag
PS 154/16	Val av møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17-31.12.20
PS 155/16	Orienteringssaker
OS 47/16	Volda Campus Arena - ny idrettshall ved Høgskulen



VOLDA KOMMUNE

OS 48/16	Utvida 2. tertialrapport barnevern 2016
OS 49/16	Informasjonsbrev om Volda Campus Arena, og invitasjon til samarbeid
PS 156/16	Delegerte saker frå avdelingane
DS 172/16	Løyve til tiltak, støttemur Gbr 6/19
DS 173/16	Ferdigattest, tilbygg Gbr 14/3
DS 174/16	Mellombels bruksløyve Gbr 18/312/0/1
DS 175/16	Mellombels bruksløyve Gbr 18/376/0/3
DS 176/16	Løyve til tiltak, riving av bustad Gbr 19/1006
DS 177/16	Igangsettingsløyve Gbr 30/421
DS 178/16	Avslag på søknad om Rammeløyve Gbr 30/402
DS 179/16	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 95/1
DS 180/16	Løyve til tiltak, rehab.pipe Gbr 111/7
DS 181/16	Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 133/1

GRUPPEMØTE

Måndag 21.11.16

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SV	kl. 18:00-20:00	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

Tysdag 22.11.16

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 18:15	Møterom Voldsfjorden

PS 141/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 142/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Orienteringssaker

**OS 46/16 Presentasjon av Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS -
biogassarbeidet**

Handsaming:

Odd Harald Sundal kom med slikt framlegg:

Endring av siste linje i punkt 1. Bytte ut siste ord «avslutta» med «å legge på vent til Campus Arena er avklart»

Fride Sortehaug og ordførar Jørgen Amdam kom med slikt framlegg til nytt punkt 7:

Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena AS må vere kjend for Volda kommune innan avtalen vert inngått.

Sølvi Dimmen kom med slikt framlegg til tillegg i punkt 4:

Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.

Jørgen Amdam kom med framlegg om å stryke første setning i punkt 6.

Volda kommune tiltrer ikkje opsjon i kontrakten med NEE om rehabilitering av Voldahallen i EPC-programmet.

Røysting (ni røysteføre):

Punkt 1. Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Odd Harald Sundal. Framlegget frå Odd Harald Sundal vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke, med ei redaksjonell endring («tilskot i 30 år» vart endra til «tilskot i 40 år»).

Punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 4 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke. Tilleggsframlegget frå Sølvi Dimmen i punkt 4, fekk sju røyster og vart vedteke, to røysta imot (Anders Straume og Margrete Bjerkvik).

Punkt 5 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen punkt 6 og framlegget frå Jørgen Amdam. Framlegget frå Jørgen Amdam vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 7, framlegg frå Fride Sortehaug og Jørgen Amdam, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.***
- 2. Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.***

3. *Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.*
4. *Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.*
5. *Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
6. *Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*
7. *Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtalen vert inngått.*



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2016/1790

Arkivkode: D11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
209/16	Formannskapet	15.11.2016
143/16	Kommunestyret	24.11.2016

VOLDA CAMPUS ARENA AS - BYGGING AV NY IDRETTSHALL I VOLDA

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS bygger og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert avslutta.**
- 2. Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 30 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.**
- 3. Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøving elevane i grunnskulen.**
- 4. Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomte gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv.**
- 5. Dersom Volda Campus Arena AS bygger hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.**
- 6. Volda kommune tiltrer ikkje opsjon i kontrakten med NEE om rehabilitering av Voldahallen i EPC-programmet. Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.**

Vedleggsliste:

Referat frå møte mellom kommunen og Campus Arena AS den 02.11.16

Brev frå Campus Arena AS av 26.10.16.

Uprenta saksvedlegg:

K-sak 38/15 Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg

K-sak 108/16 Utgreiing av Voldahall/rehabilitering

Samandrag av saka:

Kommunestyret vedtok i K-sak 38/15 å få utgreiing av korleis behovet for idrettshall i Volda skal løysast etter at det vart lagt fram ein teknisk rapport om tilstanden til Voldahallen. Det vart nedsett eit mandat som tok utgangspunkt i fylkeskommunen og Volda kommune sitt behov, men der også idretten vart invitert inn med sikte på om deira behov også kunne løysast i same prosjekt. Det vart lagt fram rapport om arbeidet i K-sak 108/16 der kommunestyret stadfesta tidlegare mandat og ba vidare framdrift i arbeidet.

Idretten har i ettertid gått saman og stifta selskapet Volda Campus AS og meldt at dei overtek prosjektet og byggjer ut ny hall i regi av dette selskapet. Dei inviterer inn Volda kommune, fylkeskommunen og Høgskulen som samarbeidspartar.

Saksopplysningar/fakta:

Det vert vist til brevet frå Volda Campus Arena AS. Dei har inngått kjøpekontrakt på den private tomte Jopllassen ved Høgskulen. Kommunen er heimelharar på området rundt tomte.

Selskapet planlegg ein modell der selskapet byggjer og driv hallen. Hallen skal finansierast ved deltaking frå næringsliv, momskompensasjon, spelemidlar og offentleg tilskot. Hallen er utover idretten sine formål tenkt utleigd til kommunen for å dekkje behovet for kroppsøvingslokale, Volda vidaregåande skule og Høgskulen. Dette må samla liggje innanfor 50 % av brukstida for å unngå at prosjektet må byggjast ut etter det offentlege innkjøpsregelverket. Det same gjeld fordelinga på finansieringa.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen synest det er grunn til å rose initiativet. Dette er ein god modell som forenkler og gir høve til å utnytte smarte utbyggingsløyisingar liknande det ein fekk til ved bygging av Mørehallen. Selskapet får ansvar for å få alle forhold på plass og må tilpasse anlegget til den finansieringa og dei partane som deltek i realisering og leige.

Selskapet har spurt om å få avklart to forhold hos kommunen:

1. Vil kommunen støtte prosjektet og gå inn med 30 millionar i investeringstilskot?
2. Vil kommunen leige hallen til å stette behovet for kroppsøvingslokale i grunnskulen?

Det første meiner rådmannen er kurant, men da på ein slik måte at kommunestyret godkjenner at det vert gjeve årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på 30 millionar.

Det andre spørsmålet er eit forhandlingstema. Volda kommune har behov for kroppsøvingslokale for elevane ved Øyra skule, men også etter kvart også for elevane ved Volda ungdomsskule. Føresetnaden for å inngå leigeavtale er at ein får prisar som er fastsett ut frå rimeleg kostnadsnivå og kan forsvare seg i kommunen sin totaløkonomi. Her må ein også sjå kva som skjer med Voldahallen som kommunen i dag eig. Med dei planane som no ligg føre, så ser ikkje rådmannen det som tenleg for kommunen å rehabilitere hallen gjennom EPC-programmet, og vil tilrå at kommunen ikkje trer inn i opsjonen som regulerer dette i kontrakten med NEE. Kommunen har fått utsett frist til 1. april 2017 til å ta stilling til opsjonen.

Det er i kommunen si interesse at Volda Campus Arena AS får med flest moglege deltakarar i prosjektet for å få ned lånebehovet og få full utnytting av kapasiteten i hallen. Dersom økonomien i prosjektet og realiseringa forøvrig tilseier at selskapet må vurdere andre tomter, så går rådmannen ut frå at dette er noko selskapet vurderer. For Volda kommune sin eigen del bør det vere relativt uavhengig kvar hallen vert bygt berre det er gangavstand til skulane og totaløkonomien i prosjektet er realistisk. Volda kommune eig areal som må nyttast for å realisere prosjektet på Jopllassen. Under føresetnad av at Høgskulen er positive til planane, så bør det vere kurant for Volda kommune å stille areal til disposisjon for dette tomtealternativet. Høgskulen har i sommar bedt Volda kommune erverve den private tomten som Volda Campus Arena AS har kjøpt. Selskapet må derfor snarast avklare tomtealternativet og deltaking med Høgskulen. Volda kommune er ikkje kjent med kva pris Volda Campus Arena AS har avtalt for Jopllassen. Kommunen må leggje til grunn at Volda Campus Arena AS som er eit ideelt selskap tek samfunnsansvar og såleis har sytt for at det ikkje er avtalt nokon overpris som kan verte prisdrivande for kjøp av grunn i framtida.

Symjeklubben har medan prosjektet var leia av kommunen bedt om å verte involvert i planane for idrettshall. Rådmannen ser det som viktig at ein ny hall vert planlagt på ein slik måte at det kan byggjast til eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderobe mv.

Rådmannen rår til at Volda kommunestyret er positiv til initiativet og signaliserer at ein er innstilt på investeringstilskot i form av årleg tilskot til renter og avdrag, samt signaliserer interesse for å inngå leigeavtale til kroppsøvingslokale på visse vilkår.

Økonomiske konsekvensar:

Dei økonomiske føresetnadene er ikkje utgreidd og avklart. Årleg tilskot til selskapet for å dekkje renter og avdrag med lån på kr 30 millionar er innarbeidd i gjeldande økonomiplan og vert vidareført i rådmannen sitt forslag til rullering av økonomiplanen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda Campus Arena AS
Møre og Romsdal Fylkeskommune v fylkesrådmannen
Volda Vidaregåande skule
Høgskulen i Volda

Eigedomssjefen, her
Økonomisjefen, her
Oppvekstsjefen, her
Utviklingsjefen, her



Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda

Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Volda kommune

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar
2015/443	15/01055-4	Jacob Kjøde, jk@hivolda.no

Vår dato
29.04.2016

Svar til Volda kommune - Vurdering av lokalisering i samband med utgreiing av ny idrettshall - Voldahall

Eg viser til dykkar brev av 200416. Når det gjeld den vedlagte skissa som de omtalar som ei grov teikning, har vi tidlegare svart at akkurat den plasseringa ikkje er aktuell (sjå brev av220915).

Dette er ei vanskeleg sak for høgskulen fordi plasseringa av ein idrettshall grip inn i drifta av verksemda vår og oppfølginga av campusplanen når det gjeld uteområda. Men vi ønskjer å kome i ein positiv dialog med Volda kommune om plassering av hallen. Vi har diskutert ulike alternative plasseringar som de finn i vedlegget til dette brevet. Vi håpar at dei kan vere utgangspunkt for vidare diskusjonar.

Når det gjeld spørsmålet om særlege vilkår dersom ein landar å ei løysing som ligg innafør den eine grusbana, er det vårt syn at hallen ikkje må vere dominerande i høve til Kaarstadhuset. Andre moglege vilkår må avklarast i vidare drøftingar.

Vi kan stadfeste at det ikkje er aktuelt for høgskulen å gå inn i noko samarbeid om planlegging og eventuell bygging av ein idrettshall. Vi har dekt våre behov i Idrettsbygget.

Med helsing
Leiinga

Jacob Kjøde
høgskuledirektør

Kopi til: Volda kommune v/Unni Strand, Avdeling for kulturfag v/Aud Folkestad, Drift v/Leif Roar Strand



REFERAT FRÅ MØTE MELLOM CAMPUS VOLDA ARENA AS OG VOLDA KOMMUNE

Tidspunkt: Onsdag 2. november 2016 kl. 08.00

Stad: Volda rådhus

Tilstades: **For Volda Campus Arena AS;**
Arild Bakke, Erlend Krumsvik, Anita Arnesen Kragset, Johnny Kragset, Rune Aarflot og Idar Flo

For Volda Kommune

Ordførar Jørgen Amdam, Rådmann Rune Sjurgard og rådgjevar Asbjørn Moltudal

Ordføraren opna møtet, før Volda Campus Arena AS fekk ordet og presenterte bakgrunnen og planane for idrettshallen Volda Campus Arena ved Joplassen i Volda.

Volda Campus Arena AS presenterte prosjektet, bakgrunnen for organiseringa og dei grove rammene rundt finansieringa med grunnlag i vald modell.

Med bakgrunn i dette ynskjer no det nye selskapet ei attendemelding frå kommunen på om det er mulig å oppnå ein "intensjonsavtale" med kommunen om leige og ramme for investering av hallen i eit samarbeid som her er tenkt.

Kommunen på si side er i utgangspunktet positive til det initiativet som er teke frå Volda Campus Arena AS og peika på at det no er viktig med god og open prosess i det vidare arbeidet.

For at kommunen skal kunne kome med attendemelding slik selskapet ber om, vil det m.a. vere viktig at selskapet som no har teke "hansken" med utbygginga av idrettshallen, raskt får avklara forholdet til Høgskulen og Fylkeskommunen/vidaregåande skule. Dette vil sjølvsagt ligge som grunnlag for at ein skal kunne drøfte kommunen sitt vidare engasjement i prosjektet.

Rådmannen vil no lage eit notat til kommunestyret der han klargjer "den nye situasjonen" i samband med bygging av idrettshall i Volda. Rådmannen må vidare frå politisk hald få avklaring i høve til dei vedtak som er gjort i kommunen.

Volda 2. november 2016

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Volda Campus Arena
Storgata 8
6100 VOLDA

Til
Volda Kommune
Høgskulen i Volda
Møre og Romsdal fylke v/utd.avd.

Volda, 26/10-16

VOLDA CAMPUS ARENA - IDRETT OG SKULE

Vi viser til vår pressekonferanse saman med Sparebank 1, fredag 21.10.16 og påfølgande presseomtale. På pressekonferansen vart det opplyst at idretten ved Volda Handball og KFUM Volda Volley har skipa selskapet Volda Campus Arena AS med formål å tilrettelegge for realisering av idrettshall i Volda. Sparebank 1 er med som samarbeidspartnar.

Det er med stor glede og entusiasme vi registrerer at Voldasamfunnet stiller seg positive til det som er presentert.

Bakgrunnen for skipinga av selskapet kan kort oppsummerast slik:
Idretten i Volda har i mange år hatt underdekning av areal for hallidrett. Bygging av nye Øyra skule er i sluttfasen –utan innandørsareal til utøving av kroppsøving. Fleire har behov for nytt og moderne anlegg: Ungdomsskulen har behov for moderne kroppsøvningsanlegg. Idrettsbygget krev oppgradering med vesentleg investeringsbehov samtidig med at leigeavtalen utgår i 2020, jfr. informasjon frå høgskulen og Statsbygg. Møre og Romsdal fylke har kommunisert behov for nytt og moderne kroppsøvningsanlegg for vidaregåande skule.

Volda kommune etablerte tidleg i 2015 ei hallgruppe med formål å kartlegge moglegheiter for ny idrettshall i Volda. I møta har kommunen uttrykt følgande:

«Volda kommune ynskjer også at idretten vurderer moglegheita for at dei sjølve kan bygge ein hall, med støtte frå kommunen. Ved ein slik løysing vil idretten stå friare i forhold til plassering av hallen, tidsperspektiv for å få hallen på plass og kva dei ynskjer at hallen skal innehalde.»
(Møtereferat i hallgruppa 19.05.2016)

"Kommunen ynskjer at idretten framleis vurderer same løysing som er gjort ved bygging av Mørehallen i Volda. Idretten vil då stå som eigar og utbygger av hallen, og vil kunne motta støtte frå kommunen til investering og drift." (Møtereferat i hallgruppa 29.6.2016)

Idretten har følgd oppmodinga med det resultat at idretten ved Volda Campus Arena har gjort avtale om kjøp av tomteareal på Joplassen til formålet.

Idretten har konkludert med at plassering på Joplassen er ei løysing som er framtidsretta og god. Ein sambruk mellom skule og idrett vil her kunne utløyse gode synergjar og stimulere området til stor aktivitet og bli ein viktig og verdifull møteplass på dag- og kveldstid.

Side 1 | 3

Sentrale tilhøve vi har lagt vekt på er følgande:

1. Gymsal for grunnskulen og vidaregåande skule.

Nye Voldahallen skal fungere som gymsal, i fyrste rekkje for Øyra skule og ungdomsskulen. Volda Kommune ved oppvekstsjefen har formidla at Steinrøysa ikkje er aktuell for grunnskulen. Når det gjeld Volda vgs vil gangavstanden vere 5-7 minutt. Vi vil her gå i dialog med Volda vgs, og vonar verdien av gym-undervisning i ein ny og moderne idrettshall vil kunne oppvege denne avstanden.

2. Idrettsanlegg for Høgskulen.

Høgskulen har dei siste åra i m.a. årsrapportar og planar skildra nytt/oppgradert idrettsanlegg på campus som eit av tre sentrale ønskemål. I tillegg har Høgskulen ved brev av 29.04.16 frå direktør til Volda kommune/prosjektgruppa peika på nettopp Joplassen som aktuell plassering. Det såkalla grusbanealternativet vart då av Høgskulen peika på som uaktuelt eller mindre aktuelt (sjå vedlegg). Høgskulen har også nett utarbeidd ein Campusutviklingsplan. I denne planen er det vurdert strategiar og konkrete tomter/areal for framtidig utvikling av campus. Joplassen inngår ikkje i desse planane.

Vår vurdering er at utvikling av Joplassen til idrettsformål vil både kunne tilfredsstille Høgskulen sitt behov for campusnært idrettsanlegg, og samstundes ikkje vere i konflikt med Høgskulen sin utviklingsplan, og vi ser fram til godt og fruktbart samarbeid med høgskulen om prosjektet.

3. Parkeringstilhøve.

God arealdisponering vil vere om Nye Voldahallen vert bygd med parkeringsareal i underetasje (ref. f.eks. Fosshaugane Campus) og i dette ligg det muleg med samdrift med skulane i området. Saman med etablering av overflateparkering på anna tilgrensande kommunalt areal, vil dette gje rom for ei unik og omfattande løysing på samla parkeringsbehov i området, jf., også skissert behov frå Høgskulen si side.

4. Tilkomst.

Joplassen ligg ved etablerte gang- og sykkelveggar som gjer tilkomsten trygg for mjuke trafikkantar. Plasseringa er sentral ut frå omsyn til trafikk og tilpassing til framtidige auka/endra behov. God og eksisterande infrastruktur med E39 rett utanfor, kollektivtilbod og innslag for komande Voldatunnel gjer kommunikasjonsforholda optimale.

5. Utvidingsmoglegheiter.

Vi vil i utgangspunktet skissere Nye Voldahallen som ei minimumsløysing med 2 speleflater med tilhøyrande fasilitetar som vil gje hallidrettane i Volda nødvendig treningstid. Joplassen er så stor at den også kan ha plass til ein evt. symjehall og eventuelle utviding av hallkapasitet.

6. Andre synergjar og samspel med Høgskulen.

Ein kan dra nytte av viktige funksjonar som allereie ligg i eksisterande bygg ved større arrangement (handball/-volleyballskule, landskampar, NM, salsmesser etc), i fyrste rekkje Berte Kanutte-huset (kantine, mm) og utløyse gode synergjar.

- Nye Voldahallen skal vere teknisk utstyrt med spisskvalitet (kamerarigg, lysforhold, fiber, etc) tilrettelagt for medieproduksjon med høg kvalitet.
- Idretten har klare og realistiske ambisjonar om arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå, det vil innebere at ein kan tilrettelegge hallen kvalitet- og arealmessig som ein særst god og unik arena for medietrening og reell medieproduksjon ved aktuelle arrangement. Ein vil kunne legge til rette for eit unikt samspel mellom idretten, høgsulen sitt mediemiljø og dei store nasjonale medieinstitusjonane i tillegg til dei lokale og regionale.
- Sentral plassering inntil Campus vil på ein unik måte legge til rette for eit slikt samspel til beste for alle partar og samfunnsutviklinga i Volda generelt.

Saman ser vi fram til utvikle eit godt samarbeid som fører til at vi lukkast med å realisere planane og kan opne ny Voldahall i 2018.

Vi vil raskt ta initiativ til direkte og god dialog med dykk for vidare dialog og samarbeid.

Med venleg helsing



Arild Bakke
Leiar
Volda Campus Arena AS



Rune Aarflot
Nestleiar
Volda Campus Arena AS

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styreleiar for Voldsfjordkryssing, jf. fvl § 6, 1. l, e. nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Anders Straume kom med slikt alternativt framlegg til nytt punkt 2:

Volda kommune vil dekkje kostnaden med utarbeiding av planprogrammet. Rådmannen skal fremme eiga løyvingssak om dette, straks avtale med ekstern utførande konsulent ligg føre.

Røysting (åtte røysteføre):

Punkt 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom punkt to i tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Anders Straume. Tilrådinga frå administrasjonen fekk fem røyster og vart vedteken, framlegget frå Anders Straume fekk tre røyster (Anders Straume, Margrete Bjerkvik og Dan Bjørneset) og fall.

Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre vedtek at Voldsfjordkryssing AS får løyve til oppstart av arbeid med planprogram for utarbeiding av kommunedelplan for ferjefri kryssing av Voldsfjorden.*
- 2. Voldsfjordkryssing AS skal dekkje alle kostnader knytt til utarbeiding av planprogram og varsling av oppstart av planarbeid.*

Odd A. Folkestad tok sete.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2016/1828
		Arkivkode:	141

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
207/16	Formannskapet	15.11.2016
144/16	Kommunestyret	24.11.2016

SØKNAD OM LØYVE TIL OPPSTART AV PLANARBEID - KOMMUNEDELPLAN FOR KRYSSING AV VOLDSFJORDEN

Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommunestyre vedtek at Voldsfjordkryssing AS får løyve til oppstart av arbeid med planprogram for utarbeiding av kommunedelplan for ferjefri kryssing av Voldsfjorden.
2. Voldsfjordkryssing AS skal dekkje alle kostnader knytt til utarbeiding av planprogram og varsling av oppstart av planarbeid.

Særutskrift:

- Voldsfjordkryssing AS, Stormyra 2, 6100 Volda.

Vedlegg:

1. E-post frå Voldsfjordkryssing AS, datert 27.10.2016.

Saksopplysningar:

Voldsfjordkryssing AS ved dagleg leiar Odd A. Folkestad og styreleiar Ola Krumsvik hadde møte med Utviklingssektoren ved Jørgen Vestgarden og Heidi Istad 27.10.2016.

Voldsfjordkryssing AS oppmoda i møtet Volda kommune om å utarbeide planprogram og varsel om oppstart av planarbeid for ferjefri kryssing av Voldsfjorden. Initiativtakarane gav i møtet uttrykk for at dei ønskjer at planarbeidet vert sett i gong før jul i år.

Utviklingssektoren viste til at formannskapet i møte 4.10.2016 vedtok oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel og utlegging av planprogram på høyring. Kommunen viste også til at ferjefri fjordkryssing mellom Volda og Folkestad ikkje ligg inne i kommunal

planstrategi for 2012-2015. Kommunen finn det vanskeleg av kapasitetsmessige årsaker å gå i gong med fleire større prosjekt.

Voldsfjordkryssing AS har sendt e-post til kommunen (datert 27.10.2016), der dei gir klart uttrykk for at det er særskilt viktig for framdrifta av ferjefri kryssing av Voldsfjorden å få utarbeidd planprogram og varsla oppstart av planarbeidet.

Voldsfjordkryssing AS viser til at Gloppen og Eid kommunar leigde inn ressursar for å få utarbeidd planprogram for kommunedelplan for ferjefri kryssing Anda – Lote.

Voldsfjordkryssing AS ber avslutningsvis om snarleg handsaming av saka.

Vurdering og konklusjon:

Planlegging av større vegprosjekt, så som ferjefri kryssing av Voldsfjorden, må handsamast gjennom ein kommunedelplan. Kommunedelplanen må vise overordna prinsipp for det framtidige vegprosjektet. Val av endeleg trasé, plasseringar av kryss, vegstandard, bruk og vern av areal nær vegen og byggegrensar er sentrale avklaringar som må takast inn i ein kommunedelplan. Det er jf. plan- og bygningslova (§ 4-1 og § 11-13)) krav om at det skal utarbeidast planprogram for kommuneplanar. Planprogrammet skal gjere greie for målet med planarbeidet, planprosessen og opplegg for medverknad. Planprogrammet skal også avklare behovet og opplegget for utgreiingar av planen sine verknader for miljø og samfunn. Ein kommunedelplan for vegsambandet vil utløyse krav om konsekvensutgreiing etter reglane i plan- og bygningslova. Planprogrammet bør også gjere greie for kva alternativ som eventuelt skal inngå i planarbeidet

Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn seinast samstundes med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet.

Det er kommunestyret som avgjer om det skal setjast i gong arbeid med kommunedelplan, eventuelt at området vert teke opp som tema innanfor ein samla arealdel.

Volda formannskap vedtok i møte 4.10.2016 (f-sak 171/16), oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel og utlegging av planprogram på høyring. Dersom ein skal få til ei god framdrift i arbeidet med arealdelen, vil det krevje store ressursar. Kommunen har sett seg mål om å ha klart eit første utkast til plan august 2017. Ein har også sett seg som mål at arealdelen skal vere ferdig våren 2018.

Som nemnt under saksopplysningar, ligg ikkje kryssing av Voldsfjorden inne i kommunal planstrategi for 2012-2015. Kommunen arbeider i desse dagar med kommunal planstrategi for Volda kommune for perioden 2016-2020. Kommunen har som mål å få lagt fram kommunal planstrategi for godkjenning i januar 2017. Kommunal planstrategi er eit hjelpemiddel for kommunestyret til å avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden, for å møte kommunen sine behov. Kommunal planstrategi er ikkje ein plan. Planstrategien er retningsgjevande for kommunen sin planlegging og har ingen direkte rettsverknad for kommunen sine innbyggjarar.

Ein ser føre seg to alternativ til vidare handsaming av saka. Eit alternativ er at saka vert lagt på vent inntil handsaming av kommunal planstrategi. I kommunal planstrategi vil dei ulike planoppgåvene kommunen står overfor bli vurdert og gitt prioritet.

Eit anna alternativ er at kommunestyret godkjenner oppstart av planarbeid med kommunedelplan. Ferjefri kryssing av Voldsfjorden er eit viktig samferdselsprosjekt både for Volda kommune og regionen elles. Kommunen har gått inn med aksjekapital i

Voldsfjordkryssing AS. Det er viktig at kommunen no følgjer opp prosjektet på ein god måte.

Det må utarbeidast forslag til planprogram før ein kan melde oppstart av arbeid med kommunedelplan for ferjefri kryssing av Voldsfjorden. Kommunen kan enten utarbeide planprogram ved hjelp av eigne ressursar, eller ein kan leige inn eksterne ressursar. På grunn av kompleksiteten i arbeidet, må det i dette tilfellet leigast inn eksterne ressursar. Ein kjenner ikkje til kva det vil koste å få utarbeidd planprogram. Det er ikkje sett av midlar til slikt planarbeid i budsjettet.

Voldsfjordkryssing AS har gitt uttrykk for at dei er villige til å bruke tid og ressursar på å utarbeide planprogram, for å få varsla oppstart av planarbeidet. Dei viser mellom anna til kommunedelplan for ferjefri kryssing på strekning Lote – Anda, der det vart leigt inn konsulent.

Rådmannen rår til at Voldsfjordkryssing AS får løyve til å starte arbeidet med utarbeiding av kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden. Rådmannen legg til grunn at alle kostnadene knytt til planarbeidet må finansierast av Voldsfjordkryssing AS.

I første omgang, må det utarbeidast forslag til planprogram før ein formelt kan melde oppstart av arbeid med kommunedelplan.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Fra: "Odd A. Folkestad" <folkesf@online.no>
Dato: 27.10.2016 18:40 (GMT+01:00)
Til: Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>
Ko: Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>
Emne: Voldsfjordkryssing - Kommunedelplan - Planprogram med planområde

Til: Ordfører Jørgen Amdam
Rådmann Rune Sjurgard

Vi viser til samtale den 27/10.2016.

Som nemnt er det sær s viktig for framdrifta av Voldsfjordkryssing å få utarbeidd eit «planprogram» slik vi kan få kunngjort «varsel om oppstart».

Voldsfjordkryssing ber om at utvikling av planprogram kan starte opp nokså omgåande, evt ved bruk av eksterne ressursar dersom kommunen ikkje har eigne ressursar ledige til dette no. – Vi legg ved eit eksempel på planprogram for Nordfjordkryssing – då dette arbeidet vart gjort, hadde ikkje Gloppen/Eid kommunar ledige ressursar sjølve, dei nytta då eksterne.

Vi vonar på ei snarleg handsaming av denne saka, og stiller gjerne i eit møte om de skulle ynskje dette.

Med helsing
For Voldsfjordkryssing AS

Odd A. Folkestad
dagleg leiar

Kopi: styreleiar Ola Krumsvik

PLANPROGRAM

KOMMUNEDELPLAN FOR FERJEFRI KRYSSING ANDA - LOTE



JUNI 2015

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar: Eid Kommune, Gloppen kommune
Rapportnamn: Planprogram
Utgåve/dato: 2015-06-10
Arkivreferanse: -

Oppdrag: 535055 – Kommunedelplan for ferjefri kryssing Lote - Anda
Oppdragsskildring: Planprogram og kommunedelplan m/konsekvensutgreiing (Tilbod: 014596 -
Kommunedelplan for ferjefri kryssing Lote - Anda)
Oppdragsleiar: Nils Husabø
Fag: Plan og urbanisme
Tema: Oversiktsplan veg
Leveranse:

Skriven av: Nils Husabø, Diana Ekren Grundt
Kvalitetskontroll: Nils Husabø

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

Innhold

1	INNLEIING	4
1.1	BAKGRUNN OG FORMÅL.....	4
1.2	GENERELT OM PLANPROGRAM.....	5
2	PLANPROSESS	6
2.1	ORGANISERING	6
2.2	PLANPROSESSEN	6
2.3	PLANOMRÅDET.....	7
2.4	MEDVERKNAD.....	8
3	ALTERNATIV SOM VERT VURDERTE	8
3.1	VEGPLANLEGGING.....	8
3.2	TO ALTERNATIVE BRULØYSINGAR.....	9
4	KONSEKVENsutGREIING- OVERSYN OVER TEMA	9
4.1	NÆRARE OM ENKELT-TEMA.....	10
4.2	RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE	12

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN OG FORMÅL

Hovudføremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ferjefri fjordkryssing mellom Anda og Lote der dagens E39 kryssar Nordfjorden med ferje.

Trafikkmengda på E39 gjennom Sogn og Fjordane har auka sterkt sidan 1990, og for strekninga Anda- Lote har den årlege veksten frå 1990 til 2009 lege på 5 % (ÅDT i 1990: 840 / ÅDT i 2009: 2088).

E39 går i dag over Anda-Lote med ferje. Frekvensen er i dag 30 minutt på dagtid. Frå 1.1.2017 vil det vere 20 minutt ferjefrekvens på strekninga. Regjeringa har i si Konseptvalutgreiing for framtidias E39 fastsett at E39 i framtida skal følgje indre line gjennom Stryn kommune, men denne omlegginga vil ikkje skje før heile det indre konseptet er bygd ferdig. Uavhengig av dette vil Anda-Lote ha stor trafikk i framtida, og vere eit aktuelt ferjeavløysingsprosjekt på line med andre ferjeavløysingsprosjekt på riks- og fylkesvegnettet. For Eid og Gloppen kommune er ferjefri kryssing Anda-Lote særleg viktig, fordi det vil redusere avstanden mellom kommunesentra Sandane og Nordfjordeid frå dagens 45 til omlag 25 minutt, og dermed skape ein effektiv ferjefri bu- og arbeidsmarknadsregion. Også transportnæringa i regionen stadfestar at Anda-Lote uansett realisering av framtidig E39-konsept i indre vil vere det mest rasjonelle sambandet for lokal og regional nyttetransport.

Med bruløysing vert det kortare reisetider og fleire lokalsamfunn vert knytt i hop, det vert enklare å dagpendle og enklare å nå gode skule- og kulturtilbod. Næringslivet vil også kunna dra nytte av god tilgang på kompetent arbeidskraft, og det vert enklare å samhandle med andre næringsdrivande som ein er avhengig av.

Bruløysing vil også auke den samfunnsmessige nytten av sentrale og viktige tilbod som Nordfjordeid Sjukehus og Sandane Flyplass.

Kommunane Gloppen og Eid har oppretta eit interkommunalt plansamarbeid for ferjefri kryssing ved området Anda- Lote. E39 går gjennom desse kommunane og kryssar fjorden, ferjeleie Anda er i Gloppen kommune og ferjeleiet Lote er i Eid kommune.

Dette programmet omfattar krav til planinnhald og utgreiingstema/metodar. Vidare er det med omtale av bakgrunn for planarbeidet, framlegg til framdriftsplan/-milepelar.

Formannskapa i Eid og Gloppen skal no fastsetje planprogrammet, som skal ligge til grunn for planarbeidet vidare.

Det er avgjerande for prosjektet at ein:

- får til ei god landskapstilpassing
- får til ein fleksibel plan som opnar for eit visst spelrom når det gjeld endeleg val av bruløysing
- legg til rette for ei eventuell mellombels løysing

som kan fungere med minst mogleg ulempe for n romr det og trafikkavviklinga.

- legg til rette for minst mogleg konflikt mellom veganlegget og ferjedrifta

1.2 GENERELT OM PLANPROGRAM

For alle planar som kan ha vesentlege verknader for milj  og samfunn skal det som ledd i varslinga utarbeidast planprogram som er grunnlag f rande for planarbeidet. Jamf r plan og bygningslova   4-1 skal planprogrammet skal gjere greie for:

- Formålet med planarbeidet
- Planprosess med fristar og deltakarar
- Opplegg for medverknad, særskilt for grupper som kan bli særskilt r ka
- Alternativ som vert vurdert
- Vise behov for utgreiingar

2 PLANPROSESS

2.1 ORGANISERING

Utarbeide planprogram og plan	Plankonsulent	I samarbeid med kommunane m.fl.
Fastsetje planprogram	Politisk	Formannskapa i Eid/Gloppen kommunar
Vedtak av kommunedelplanen	Politisk	Kommunestyra i Eid/Gloppen kommunar

Styresmakter, organisasjonar, grunneigarar, Nordfjordkryssing AS, Statens vegvesen og andre instansar skal involverast i arbeidet.

2.2 PLANPROSESSEN

Hovudtrekka i framdrifta vert slik:

	FASE	<i>Arbeids/ handsamingsperiode</i>
A	Utarbeiding av planprogram	-----
B	Kommunane vedtek å leggje planprogram ut til offentlig ettersyn og å varsle planstart (Eid 22.01, Gloppen 29.01.15)	Januar 2015
C	Høyringsperiode for planprogrammet, mottak av innspel	Februar – Mars-15
D	Gjennomgang av innspel, henting av utfyllande bakgrunnsmateriale, ev. møte med offentlege instansar (fylkesmannen, vegkontoret....) oppsummering så langt	Mars – April-15
E	Formannskapa fastset planprogram	Ferdig Juni-15
F	Arbeid med sjølve kommunedelplanen – førebels framlegg: Vegplanlegging - skisser vert drøfta m.a. med vegvesenet og Nordfjordkryssing AS og det vert arbeidd med konsekvensutgreiingane Ope informasjonsmøte i arbeidsperioden	Juni – September-15
G	Utarbeiding av komplett planframlegg med konsekvensutgreiing og ROS-analyse.	Oktober-15
H	Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn - kommunale vedtak	Ferdig November-15
I	Høyringsperiode for kommunedelplanen, mottak av merknader/fråsegner	Desember-15 – januar -16
J	Vidare sakshandsaming – fram til vedtak av planen i kommunestyra	Februar – Mars-16

2.3 PLANOMRÅDET


Lokalisering og planavgrensing:

Planavgrensinga omfattar ikkje sjøareal, og planområdet er delt i to:

Område 1 er om lag 140 daa og er i Eid kommune.

Område 2 er om lag 220 daa og er i Gloppen kommune.

Framlegg til kommunedelplan fjordkryssing Anda – Lote:



Grunnkart: kart.asplanviak.no. Utsnittet er i målestokk: 1:25000

Planavgrensingane er merka med svarte stipla liner.

Mogelege bru-trasear er merka med svarte prikk liner.

2.4 MEDVERKNAD

Arbeidet følger planprosessen i medhald av plan og bygningslova §§ 5-1 og 11-12.

Planstart og vidare handsaming av planprogrammet

Grunneigarar innafor plangrensa og naboar til planområdet, offentlege instansar og interesseorganisasjonar, inkludert det interkommunale selskapet Nordfjordkryssing AS og Statens vegvesen vil verte kjend med planstart pr. brev, i tillegg vert planstart varsla i lokalaviser og på kommunanes heimesider. Varslinga skjer samstundes med at planprogram vert sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Etter oppstart av planarbeidet er meldt og framlegg til planprogram er sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, er det høve til å kome med innspel/merknader til planarbeidet. Fristen er minimum på 6 veker, og utlegging av framlegget vert gjort etter politisk handsaming i kommunane.

Utarbeiding og handsaming av sjølv kommunedelplanen

Etter at planprogrammet er fastsett i formannskapa, vil det verte utarbeidd framlegg til kommunedelplan med tilhøyrande omtale, konsekvensvurdering, ROS-analyse og føresegner. Alle innspel og merknader på varselet/planprogrammet vil verte kommentert og vurdert i planarbeidet.

Det vert lagt opp til informasjonsmøte når eit førebels framlegg ligg føre. M.a. er det viktig å få i tale dei innbyggjarane som vert mest rørde av planframlegget.

Etter 1.gongs politisk handsaming, vil framlegg til kommunedelplan verte sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Det er høve å kome med innspel/merknader til planframlegget i løpet av desse vekene. Innspela/merknadane vert kommentert og vurdert i det vidare planarbeidet

Etter at framlegget til kommunedelplan har lege ute til offentleg ettersyn, vert det lagt fram for ny politisk handsaming, før det vert lagt fram for kommunestyra for vedtak.

3 ALTERNATIV SOM VERT VURDERTE

3.1 VEGPLANLEGGING

Planen skal, når det gjeld bru, byggje m.a. på det som ligg i KVV E39 Skei – Ålesund, i materiale frå «Nordfjordkryssing» og tidlegare kommunalt planarbeid.

Det skal takast utgangspunkt i vegtrasear som er skisserte av kommunane i forkant av planarbeidet. Jf. vedlagd illustrasjon der det er skissert to løysingar for veg/tunnel på Andasida (sørsida) og tre trasear for bru. To av brualternativa endar på same punkt (Lotsberg) på nordsida, og det er skissert tunnelinnslag mot nord på dette punktet.

Alternativa skal vurderast m.o.t. tilpassing til normalen, terrengetilpassing og korleis dei kan kombinerast med aktuelle bru-løysingar. Traseane kan flyttast/omarbeidast dersom det gjev ei betre løysing. Dette gjeld m.a. brufesta.

Framlegg til vegløyningar skal følgje Statens vegvesen sin normal (handbok N100)

Det skal vurderast korleis det kan leggjast til rette for mellombels trafikkløysing langs stranda inn mot Lote i perioden før ein eventuell tunnel vert opna.

I tillegg til sjølve vegutforminga, skal omsyn til gjennomføring av anlegget vurderast – t.d. når det gjeld avvikling av trafikk til ferjekaiane i anleggperioden. Avklaringar knytt til overskotsmassar frå tunnel skal og gjerast greie for.

3.2 TO ALTERNATIVE BRULØYSINGAR

Kommunedelplanen skal ikkje direkte omfatte bruløysing, men val av brukonsept vil påverke vegløyning på land på kvar side av fjorden.

To hovudalternativ skal leggjast til grunn når ein vurderer vegløyningane:

Høgbru

Lågbru (flytebru eller røyrbru)

Sikker seglingshøgde bør vere minimum 65 meter, men av omsyn til cruisetrafikken vert det tilrådd 75 meter, då skipa vert større.

4 KONSEKVENsutGREIING- OVERSYN OVER TEMA

Følgjande skal omtalast/utgreiast:

Samfunnsmessige tilhøve m.m.

Nærmiljø

Friluftsliv

Naturressursar

Landbruk

Konsekvensar i anleggsperioden

Massedisponering,

Trafikktryggleik

Havnivåstiging/klimaendringar

Landskapsbilete

Naturmiljø, biologisk mangfald

Trafikkstøy

Anna ureining

Kulturminne/kulturmiljø

Skredfarevurdering:

Vurdering av grunntilhøve

4.1 NÆRARE OM ENKELT-TEMA

Tema med enkelt behov for utgreiing:

Samfunnsmessige tilhøve m.m.

Tilhøve som kost/nytte, køyretider skal omtalast kort i planrapporten - med bakgrunn i KVVU og ev. andre kjelder (kommunane/»Nordfjordkryssing).

Nærmiljø, friluftsliv, naturressursar og landbruk:

Konsekvensane for kvar av desse tema skal omtalast i planrapporten på bakgrunn av kjend kunnskap – m.a. innhenta informasjon frå aktuelle kommunale instansar og instansar på fylkesnivå. Verknader både på land og i sjø skal vurderast.

Anleggsperioden, massedisponering,

Dette er tilhøve som naturleg vert vurdert som del av sjølve vegplanlegginga. I konsekvensdelen av planrapporten skal det som kjem fram gjennom planarbeidet bli oppsummert og vurdert.

Trafikktryggleik

Når det gjeld trafikktryggleik, skal spesielt tilhøva langs fylkesvegen på Lotesida vurderast – då dette kan bli ei mellombels løysing (før tunnel nordover kjem på plass).

Havnivåstiging/klimaendringar

Dette skal omtalast i planrapporten på grunnlag av kjend kunnskap om forventa havnivåstiging/klimaendringar.

Ureining (utanom trafikkstøy)

Dette skal omtalast i planrapporten på grunnlag av kjend kunnskap – m.a. henta frå kommunane og andre off. instansar. Konsekvensar knytt til ureina grunn/sediment i planområdet, som t.d ved båthamner, skal utgreiast.

Tema med meir omfattande behov for utgreiing:

Generelt om metode

Konsekvensvurderingane skal utførast parallelt med planarbeidet elles, slik at ein tidleg i planfasen får oversyn over viktige tilhøve det bør takast omsyn til.

Når tilrådd løysing for veglinja ligg føre, skal konsekvensane og ev. avbøtande tiltak for kvart tema oppsummerast i eigne notat for kvart tema - som grunnlag for den omtalen/vurderinga som skal vera med i planrapporten.

Ein legg ikkje opp til å følgja vegvesenet si handbok V712fullt ut.

Landskapsbilete

Det skal beskrivast korleis tiltaket er tilpassa landskapet sett frå omgjevnadene og korleis landskapet vert opplevd frå vegen (reiseoppleving) samt korleis dette vert endra som følgje av tiltaket. Tiltaket skal vurdertast når det gjeld:

- Nær- og fjernverknader
- Viktige landskapsformer
- Tilpassing veg/terreng

Moglege avbøtande tiltak skal omtalast.

Det er i utgangspunktet den permanente situasjonen som skal utgreiast, men dersom det blir store inngrep i anleggsfasen, skal også desse vurderast.

Naturmiljø, biologisk mangfald

Utgreiinga skal baserast på eksisterande informasjon, m.a. informasjon frå «Miljøfaglig utredning», som har gjort naturtypekartleggingar både i Eid og Gloppen, samt utarbeidd forvaltningsplan for reservatet som ligg noko lenger aust i Eid. Det er i tillegg gjort spreidde registreringar i det aktuelle området. I Naturbasen er det også registrert eit naturtypeområde i sjø som har viktig verdi, dette er ein israndavsetning i fjorden.

Det skal gjevast ei framstilling av kjende verdiar/tilhøve og vurderast potensiale for viktige naturverdiar. Det er særleg på Lote-sida det ser ut til å vera eit slikt klart potensiale.

Mål og prinsipp i naturmangfaldlova (jf. § 7 og dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12) skal vurderast i planomtalen.

Trafikkstøy

Trafikkstøy vil vere eit tema først og fremst på Lotesida pga. busetnaden der.

Støy ved brutilknytning/tunnelinnslag på Lote-sida skal bereknast med utgangspunkt i tilrådd vegløyning og stipulert framtidig trafikk.

Det vil bli gjort ei vurdering også av støybelastning langs vegløyninga langsmed stranda mellom Lotsberg og ferjekai Lote.

Kulturminne/kulturmiljø

Konsekvensutgreiinga for fagtema kulturminne- og kulturmiljø skal utførast med utgangspunkt i metodikken for ikkje-prisette konsekvensar i Statens vegvesen si «Håndbok 140», samt etter retningslinjer i Riksantikvarens rettleiar (rapport nr. 31-2003) om "Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar". Eksisterande kjelder (Askeladden, SEFRAK, MUSIT og topografisk arkiv) skal leggjast til grunn.

Vurdering av **kulturhistoriske verdiar**, samanhalde med **omfangsvurderingar**, skal gje den samla **konsekvensen** tiltaket vil få for kulturminne- og kulturmiljø i plan- og influensområdet. Forslag til avbøtande tiltak skal vurderast, og det skal utarbeidast eit verdikart for kulturminne- og kulturmiljø.

Geologi/rasfare

Skredfarevurdering:

Det skal gjerast ei skredfarevurdering på aktsemdsnivå. Potensialet for følgjande skredtypar skal vere med:

- Snøskred (inkl. sørpeskred)
- Lausmasseskred
- Skred i fast fjell (inkl. steinsprang og fjellskred samt sekundære effektar som t.d. flodbølger)

Vurderinga skal baserast på eksisterande observasjonar og databasar, terrengranalyse i GIS og aktsemdskart. Førsetnader og eksisterande grunnlagsdata skal beskrivast. Basert på vurderingane skal det utarbeidast framlegg til vidare arbeid. Dette kan t.d. vere om det bør

gjennomførast detaljert skredfarevurdering, og i så fall venta dimensjonerande skredtype, og om det er venta at sikringstiltak må utgreiast for å ivareta tryggleik mot skred.

Vurdering av grunntilhøve:

Det skal gjerast ei grov vurdering av berggrunnen og eventuelle lausmassar. Vurderinga vil byggja på eksisterande observasjonar, databasar, rapportar og kartgrunnlag. Føresetnader og eksisterande grunnlagsdata vert beskrivne.

Basert på vurderingane skal det utarbeidast tilråding for ei meir detaljert geoteknisk vurdering.

4.2 RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at samfunnstryggleiken vert ivareteken i alle planar etter plan- og bygningslova. For at kravet om ROS-analyse skal vere oppfylt, må det gjerast eit systematisk arbeid som gjev oversikt over risiko og sårbarheit.

Det skal utarbeidast ein eigen rapport (ROS-analyse) og eit samandrag skal vere med i sjølve plan-rapporten.

Planrapporten skal omfatta ei samla framstilling og vurdering av konsekvensane – m.a. basert på fagnotata som er nemnde over. Det vil og vera med eit samandrag av ROS-analysen.

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i kulturnæringshagen, jf. fvl. § 6, 1. l, e. nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet, han er varamedlem i styre til kulturnæringshagen, jf. fvl. § 6, 1. l, e. nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjend inhabil.

Gunnar Strøm vart samrøystes kjend habil, og han tok sete.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret i Volda støttar at det vert utarbeid eit forprosjekt for Volda kunnskapskart i samsvar med denne saka.

Det vert løyvd kr.200.000,- frå kraftfondet/næringsfondet som økonomisk tilskot til forprosjektet. Løyvinga vert utbetalt i samsvar med vedlagde finansieringsplan slik.

2016 kr. 100.000,-

2017 kr. 100.000,-

Når prosjektet er avslutta skal det leverast ein sluttrapport som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.

Odd A. Folkestad tok sete.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2016/883
		Arkivkode:	243

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
210/16	Formannskapet	15.11.2016
145/16	Kommunestyret	24.11.2016

ØKOMONISK STØTTE REGIONALE UTVIKLINGSMIDLAR - FORPROSJEKT VOLDA KUNNSKAPSPARK

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret i Volda støttar at det vert utarbeid eit forprosjekt for Volda kunnskapskart i samsvar med denne saka.

Det vert løyvd kr.200.000,- frå kraftfondet/næringsfondet som økonomisk tilskot til forprosjektet. Løyvinga vert utbetalt i samsvar med vedlagde finansieringsplan slik.

2016 kr. 100.000,-

2017 kr. 100.000,-

Når prosjektet er avslutta skal det leverast ein sluttrapport som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.

Vedleggsliste:

1. Søknad om økonomisk tilskot til forprosjekt for Volda Kunnskapspark d.s. 26.09.2016 frå Sunnmøre kulturnæringshage.
2. Samarbeidsavtale mellom Høgskulen i Volda og Sunnmøre Kulturnæringshage AS.
3. Søknad på Regionale utviklingsmidlar i Møre og Romsdal
4. Forstudie – Volda kunnskapspark d.s. 25.02.2016
5. Questanalyse
6. Skriv frå Møre og Romsdal fylkeskommune d.s.16.09.2016 – Tilsegn på inntil kr. 400.000,- til «Forprosjekt Volda kunnskapspark»

Samandrag av saka:

Frå Sunnmøre kulturnæringshage har kommunen motteke søknad d.s. 26.09.2016 om økonomisk tilskot til forprosjekt for Volda kunnskapspark. Søknaden med vedlegg fylgjer vedlagt til vitande.

Rådmannen vil tilrå søknaden og at løyvinga vert gjort frå Næringsfondet/kraftfondet.

Saksopplysningar/fakta:

Frå Sunnmøre kulturnæringshage har kommunen motteke søknad d.s. 26.09.2016 om økonomisk tilskot til forprosjekt for Volda kunnskapspark.

Gjennom forprosjektet ynskjer ein å få klarlagt moglegheitene for etablering av ein kunnskapspark som skal kommersialisere kunnskap som veks fram mellom tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda. Ein ynskjer vidare å få klarlagt potensialet for ein inkubator som kan utvikle nye kunnskapsintensive bedrifter med nasjonalt og internasjonalt potensiale innan tverrfagleg innovasjon basert på dei ulike utdanningane ved Høgskulen i Volda og høgskulen sine nasjonale og internasjonale partnarar.

Ein konsekvens av det nye mediebygget som er under planlegging er at Aasenbygget på campus blir fristilt til annan bruk. I motsetnad til dei andre bygga på campus der Statsbygg eig både tomt og bygningar, er **Aasenbygget og tomte bygget står på eigd av Volda kommune.**

Gjennom forprosjektet som skal gå over to år ynskjer ein å:

- Kartlegge potensialet for kommersialisering av kompetanse som vert utvikla gjennom FoU prosessane i dei ulike avdelingane ved HVO.
- Kartlegge potensialet for entreprenørskap og tverrfagleg samarbeid mellom studentane ved HVO.
- Studere eksempel på samlokaliseringar som lykkast med å odle fram nyskaping, entreprenørskap og tverrfagleg samarbeid på universitet og høgskular i Europa, og sjå om viktige element frå desse eksempla kan implementerast i Volda Kunnskapspark.
- Undersøke finansiering av laboratorier og moglegheitene for driftstilskot frå privat og offentleg sektor, samt avklare om ein kan samarbeide med andre kunnskapsparkar og NCE miljø i høve inkubatordrift.
- Ein vil og kartlegge potensielle leigetakarar som kan tilføre miljøet kreativitet, nettverk og innovasjonskraft.
- Ein vil undersøke korleis Møre og Romsdal fylkeskommune si entreprenørskapssatsing hoppid.no og Ungt Entreprenørskap kan bli ein naturleg del av ei komplett entreprenørskapsløype som har knutepunkt i kunnskapsparken, og om vi kan kople saman entreprenørskap og integrasjon gjennom eit utvida samarbeid med Volda Læringscenter og ulike frivillige organisasjonar.
- HVO, Studentsamskipnaden og evt. kommunen si rolle i kunnskapsparken
- moglegheitene for samarbeid med kunnskapsparkane i Ålesund og Molde

Forprosjektet skal konkludere om ein skal iverksette eit hovedprosjekt for etablering av Volda kunnskapspark.

I samband med søknaden er det sett opp slik finansieringsplan for prosjektet;

	2016	2017	2018
Møre og Romsdal fylkeskommune	100.000	200.000	100.000
Volda Kommune	100.000	100.000	
HVO	25.000	50.000	25.000
SKNH	25.000	50.000	25.000

Møre og Romsdal fylkeskommune har i vedlagde skriv d.s. 16.09.2016 løyvd inntil kr. 400.000,- til prosjektet. Det er i samsvar med søknaden.

Samfunnsdelen i kommuneplanen:

Målet med å kunne etablere Volda kunnskapspark og vidareutvikle kompetanse-arbeidsplassar i Volda er heilt i samsvar med den nyleg vedtekte samfunnsplanen der fleire av fokusområda i samfunnsplanen peikar strategiar om å «*Styrke næringslivet og Satse målretta på innovasjon og gründerverksemd, støtte eksisterande lokal industri og næringsverksemd og utvikle kompetansesarbeidsplassar*».

Helse og miljøkonsekvensar:

Ikkje direkte.

Økonomiske konsekvensar:

Ei innvilga støtte til dette prosjektet vil ikkje belaste kommunen sitt driftsbudsjett, då midlane er tenkt løyvd frå næringsfondet/kraftfondet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Med HVO si lokale, regionale og nasjonale rolle er Volda eit rett og naturleg val for etablering av ein kunnskapspark. Med ei sentral plassering på søre Sunnmøre er Volda ein del av ein region med eit breittog variert næringsliv. Kommunen har gode kommunikasjonar med fleire daglege flyruter mot Bergen og Oslo, og det fins mykje internasjonal kompetanse både i næringslivet og på HVO. Planane for bygging av eit mediehus på campus gjer det naturleg å bygge opp en regional kunnskapspark rundt dette.

Forstudiet som ligg til grunn for forprosjektet ligg ved saka til vitande. Det fortel noko om bakgrunnen og initiativet for ideen om Volda kunnskapspark. Forstudiet skildrar vidare ei målsetting og visjon, samt ulike organisasjonsmodellar og eigarskap.

For å sjekke ut om ein skal iverksette eit hovedprosjekt for etablering av Volda kunnskapspark er det naudsynt med eit forprosjekt som det her er skissert. Rådmannen er og av den oppfatning at tida for eit slikt prosjekt no er det rette med tanke på dei aktivitetane som vil skje rundt campusutbygganga dei næraste åra.

Kommunen vil i styringsgruppa for prosjektet vere representert ved eigedomssjefen då aktuell lokalisering av ein evt., kunnskapspark vil kunne vere i det kommunalt eigde Aasenbygget.

Rådmannen vil difor tilrå at søknaden vert imøtekomen.

Rune Sjørgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådmanngjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Sunnmøre kultur- og næringshage AS
Møre og Romsdal fylkeskommune

Volda kommune

Stormyra 2
6100 Volda

Att.: Ordfører Jørgen Amdam
Rådmann Rune Sjurgard

Volda, 26.09.2016

Søknad om økonomisk tilskot til forprosjekt for Volda Kunnskapspark

Syner til gjennomført forstudie i høve etablering av Volda Kunnskapspark, samt nettbasert gransking retta mot fagmiljøa og studentar ved HVO. Resultata frå forstudien og dei nettbaserte granskningane vart brukt i ein søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune om tilskot til gjennomføring av eit forprosjekt som skal gå over 24 månader.

Vi har no motteke tilsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune som støttar forprosjektet med kr.400.000,- og søker med dette Volda kommune om eit tilskot på kr.200.000,- i tråd med slik finansieringsplan:

	2016	2017	2018
Møre og Romsdal fylkeskommune	100.000	200.000	100.000
Volda Kommune	100.000	100.000	
HVO	25.000	50.000	25.000
SKNH	25.000	50.000	25.000

Utover økonomisk tilskot til forprosjektet som skissert over ser vi føre oss at både HVO og Volda kommune bidreg med personellressursar i ei styringsgruppe og i arbeidsgrupper. For styringsgruppa ser ein føre seg 2 halvårlege møter i prosjektperioden, og noko høgare frekvens for arbeidsgruppene som styringsgruppa skal nedsette. Fylkeskommunen har i si tilsegn varsla at dei ynskjer observatørstatus i styringsgruppa, som vi foreslår samansett slik:

Kjell Magne Rindal, Eigedomssjef Volda kommune
Aud Folkestad, Dekan ved AKF, HVO
Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Dekan ved AMF, HVO
Jens Standal Groven, Prorektor, HVO
Representant for kulturnæring (TBA)
Marie Havnsund, Næringskoordinator STiV
Martin Foldal (prosjektleder)

Vi meiner at vi med den skisserte modellen til forprosjekt, *jfr. Vedlegg 2*, oppnår målsettingane i campusprosjektet for vidare arbeid i høve Volda Kunnskapspark, og at ein byggjer vidare på det gode samarbeidet mellom høgskule, kommune og næringsliv som vart etablert gjennom StudiebygdA prosjektet.

Vi gjer merksam på at likelydande søknad om økonomisk tilskot vert sendt Høgskulen i Volda.

Med von om positiv handsaming,
Beste helsing,



Martin Foldal
Dagleg leiar

- Vedlegg:
1. Kopi av samarbeidsavtale av 13.03.2013 med HVO
 2. Kopi av søknad om tilskot frå fylkeskommunen til forprosjekt
 3. Forstudie for byggeigar Volda kommune om Volda Kunnskapspark
 4. Data frå nettbasert gransking mot fagmiljøet ved HVO
 5. Kopi av tilsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune

SAMARBEIDSAVTALE
mellom
Høgskulen i Volda (heretter kalla HVO)
og
Sunnmøre Kulturnæringshage AS (heretter kalla SKNH)

Med bakgrunn i at partane ynskjer å fremje fokus på entreprenørskap for studentane ved HVO, og bidra til fleire og betre regionale etableringar med utspring frå HVO er det gjort slik avtale mellom partane;

1. HVO vil legge til rette for at SKNH skal kunne synleggjere sitt tilbod for studentane ved HVO gjennom deltaking på arrangement ved studiestart og elles gjennom studieåret der dette er naturleg.
2. SKNH vil i samråd med HVO og Studenttinget i Volda legge til rette for at Hoppid.no kurs i Volda blir arrangert på campus utanom den obligatoriske undervisinga ved HVO for å gjere slike kurs mest mogleg tilgjengelege for studentane.
3. Målbedriftene i SKNH kan etter nærare avtale med Avdeling for mediefag få tilgang til fagleg rådgiving samt leige disponibelt teknisk utstyr og fasilitetar som mediefaga har til slikt føremål. Verdien av rådgivinga er avgrensa til maksimalt kr. 200.000,- årleg.
4. SKNH og HVO skal samarbeide for etablering av ein 3D renderingfarm, finansiert av regionalt næringsliv, som skal være tilgjengeleg for Norsk Animasjonsentrum, studentar og profesjonelle aktørar.
5. HVO og SKNH skal arbeide for at informasjon om start og drift av eiga verksemd (entreprenørskap i praksis) blir tilgjengeleg som ein del av den obligatoriske undervisinga i dei faga der dette er relevant.
6. SKNH skal gjennom sitt nasjonale nettverk og i sine publiseringskanalar bidra til å synleggjere HVO sin innsats for fremjing av entreprenørskap.
7. HVO skal gjennom sitt nasjonale og internasjonale nettverk og i sine publiseringskanalar bidra til å synleggjere SKNH og tilbodet til hjelp ved start og drift av eiga verksemd.
8. SKNH skal i samarbeid med HVO arbeide for etablering av ein kunnskapspark for medie- og kulturfag i Volda knytt til HVO.
9. For å sikre god forankring i både organisasjonane skal styret i SKNH minimum ein gang årleg ha formelt møte med HVO-leiinga.
10. Avtalen gjeld så lenge SKNH er ein del av SIVA sitt næringshageprogram, som i denne omgang går ut 2020. Avtalen kan tilpassast endra omstende gjennom drøftingar i det årlege formelle møtet mellom partane

Volda, 130313,



Jacob Kjøde Jr.
Direktør
Høgskulen i Volda

Rektor



Per Halse
Høgskulen i Volda



Martin Foldal
Dagleg leiar
Sunnmøre Kulturnæringshage AS

Søknad

Søknadsnr.	2016-0125	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Regionale utviklingsmidlar for Møre og Romsdal			
Prosjektnavn	Forprosjekt Volda Kunnskapspark			

Kort beskrivelse

Gjennom forprosjektet ynskjer vi å få klarlagt moglegheitene for etablering av ein kunnskapspark som skal kommersialisere kunnskap som veks fram mellom tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda. Vidare ynskjer ein å klarlagt potensialet for ein inkubator som kan utvikle nye kunnskapsintensive bedrifter med nasjonalt og internasjonalt potensiale innan tverrfagleg innovasjon basert på dei ulike utdanningane ved Høgskulen i Volda og høgskulen sine nasjonale og internasjonale partnerar.

Prosjektbeskrivelse

Gjennom ei 24 månadar lang forprosjektperiode skal ein kartlegge:

- kommersialiseringspotensialet i dei ulike fagmiljøa ved Høgskulen i Volda (HVO)
- entreprenørskaps- og kommersialiseringspotensialet mellom studentane på dei ulike fagavdelingane moglegheitene for regionale, nasjonale og internasjonale Fol prosjekt med utspring i fagmiljøa og og studentmassen
- interessentar som kan være aksjonærar i Volda kunnskapspark
- finansiering av inkubatoren
- interessentar som kan delta i fagråd for inkubatoren
- HVO og Studentsamskipnaden si rolle i kunnskapsparken
- moglegheitene for samarbeid med kunnskapsparkane i Ålesund og Molde
- kartlegging av potensielle leigetakarar i kunnskapsparken som kan bidra til optimalt Fol miljø

Lista over er ikkje uttømande, og kan bli utvida innanfor forprosjektet. Eit overordna mål i forprosjektet er å ta utgangspunkt i brukarane/interessentane sitt potensiale og eksisterande nettverk for å skape eit miljø for utvikling, knutepunktsutvikling og innovasjon. I forprosjektet skal ein kartlegge moglegheitene for auka aktivitet innan nasjonale og internasjonale tverrfaglege prosjekt, gjennom til dømes Erasmus+ programmet som Høgskulen i Volda allereie i dag har erfaring med. Vi vil og gjennom HVO sitt faglege nettverk sjå på moglegheitene for at Volda kunnskapspark kan bli eit knutepunkt for entreprenørskap for samarbeidspartnerar i inn- og utland.

Gjennom ein forstudie har vi sett på erfaringane som andre kunnskapsparkar i Norge har gjort seg, og forankring i høgskulen sitt fagmiljø er ein kritisk faktor. Vi ser det difor som føremålsteneleg å bruke god tid på denne forankringa på grunn av at HVO er ein stor høgskule med meir enn 300 fagtilsette og 4000 studentar.

Forprosjektet må og gi svar på innovasjonsselskapet Sunnmøre Kulturnæringshage AS si rolle i høve Volda Kunnskapspark, og klargjere SIVA og Møre og Romsdal fylkeskommune sitt syn på ein ny kunnskapspark, og eventuelle samarbeidsformer med eksisterande kunnskapsparkar, inkubatorar,

Arena- og NCE program. Vidare må eigarskap og driftskostnadar definerast i høve bygg, og potensielle leigetakarar må kartleggast.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Sunnmøre Kulturnæringshage AS Org.nr:997676262	Storgata 8 6100 VOLDA	92224165
Kontakt- person	Martin Foldal	Storgata 8 6100 VOLDA	92224165
Prosjekt- leder	Martin Foldal	Storgata 8 6100 VOLDA	92224165

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Sunnmøre Kulturnæringshage AS (SKNH) er eit innovasjonsselskap i SIVA (Selskapet for industrivekst SF) næringshageprogrammet, og mottek i dette programmet tilskot frå SIVA og Møre og Romsdal fylkeskommune. SKNH mottek og støtte frå Fylkeskommunen til prosjektet Kreativfylket som arrangerer nettverksbyggande møteplassar for dei kreative næringane i Møre og Romsdal.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Høgskulen i Volda (HVO) er den største høgskulen i Møre og Romsdal og har lang tradisjon for å levere kompetanse til kommunal og offentleg sektor. Nasjonalt er HVO kjend for utdanninga innan mediefag, og høgskulen har landets største fagmiljø innan dette feltet. Høgskulen i Volda er den einaste tradisjonelle høgskulen i Norge som ikkje har ein kunnskapspark. Noko av årsaka til dette ligg truleg i at ein stor del av fagutdanningane er retta mot sektorar der det hittil har vore lite fokus på innovasjon. Vi veit at det i framtida vil være eit aukande behov for innovasjon i offentleg sektor, og vi ser potensiale i tverrfagleg kompetanse og entreprenørskap for etablering av kunnskapsintensive bedrifter som kan bidra til ein meir komplementær arbeidsmarknad i den felles BAS regionen Volda er ein del av.

Prosjekt mål

Gjennom forprosjektet ynskjer vi å kartlegge potensialet for kommersialisering av kompetanse som blir utvikla gjennom FoU prosessane i dei ulike avdelingane ved HVO. Vidare vil vi kartlegge potensialet for entreprenørskap og tverrfagleg samarbeid mellom studentane ved HVO. Vi vil og studere eksempel på samlokaliseringar som lykkast med å odle fram nyskaping, entreprenørskap og tverrfagleg samarbeid på universitet og høgskular i Europa, og sjå om viktige element frå desse eksempla kan implementerast i Volda Kunnskapspark. Vidare vil vi undersøke finansiering av laboratorier og moglegheitene for driftstilskot frå privat og offentleg sektor, samt avklare om ein kan samarbeide med andre kunnskapsparkar og NCE miljø i høve inkubator drift. Vi vil og kartlegge potensielle leigetakarar som kan tilføre miljøet kreativitet, nettverk og innovasjonskraft. Vi vil undersøke korleis Møre og Romsdal fylkeskommune si entreprenørskapsatsing hoppid.no og Ungt Entreprenørskap kan bli ein naturleg del av ei komplett entreprenørskapsløype som har knutepunkt i kunnskapsparken, og om vi kan kople saman entreprenørskap og integrasjon gjennom eit utvida samarbeid med Volda Læringscenter og ulike frivillige organisasjonar.

Forankring

Prosjektet er forankra gjennom avtale mellom Høgskulen i Volda (HVO) og Sunnmøre Kulturnæringshage AS (SKNH) om samarbeid for realisering av Volda kunnskapspark. Prosjektet er forankra i SKNH sine aktivitetsplanar som er godkjende av fylkeskommunen og SIVA. Det er og forankra gjennom campusprosjektet ved Høgskulen i Volda som vart sluttført våren 2015 der etablering av Volda Kunnskapspark vart trekt fram som eig godt virkemiddel for auka entreprenørskap og koblingspunkt mot regionalt næringsliv. Prosjektet er vidare forankra i Møre og Romsdal fylkeskommune sin handlingsplan for verdiskaping på fleire punkt som:

tilretteleggande næringsutviklingstiltak som støttar samarbeid mellom utviklingsaktørar - program am for verdiskaping og FoU strategi.

- å fremje deltaking i EU/EØS prosjekt

- bygge langsiktig kompetanse i kunnskapsmiljøa i fylket

kompetanse og nettverkstiltak som tilfører gründerane kompetanse og bidreg til raskare avklaring og vekst

- entreprenørskap i utdanninga

Prosjektet er og forankra i Møre og Romsdal fylkeskommune sin FoU strategi for perioden 2012 - 2016 i høve auka forskingsbasert innovasjon i næringsliv og arbeidsliv i regionen og styrking av nettverksbasert samarbeid mellom FoU-aktørane.

Prosjektorganisering

Prosjektet vil bli organisert med ei styringsgruppe der Høgskulen i Volda, Volda kommune, Sunnmøre Kulturnæringshage og regionalt næringsliv er representert.

Sunnmøre Kulturnæringshage AS ved Martin Foldal er prosjektleiar.

Det vil bli nedsett arbeidsgrupper som skal sjå på moglegheitene for koplingar mot større nasjonale og internasjonale miljø, tverrfaglege FoU prosjekt i kommunesektoren, og innan dei kreative næringane som Høgskulen i Volda har utdanning innan.

Samarbeidspartnere

Prosjektet vil samarbeide med næringsforeiningane i omlandet til Høgskulen i Volda. Det vil og være naturleg å sjå på korleis ein ny Kunnskapspark i Møre og Romsdal kan samarbeide med- og komplementere dei eksisterande innovasjonsselskapa innanfor og utanfor SIVA sine program.

Prosjektet vil samarbeide med Høgskulen i Volda, Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, KS og NHO i fylket.

Aktivitetar

Nettbasert granskingar retta mot HVO sine studentar og fagtilsette (inklusive vikarar og professor II) av behov og interesse for Volda Kunnskapspark. Kvalitative intervju av fagtilsette. Studieturar til norske og utanlandske kunnskapsparkar som har gode resultat å vise til i høve tverrfagleg innovasjon og entreprenørskap. Workshops med dei ulike aktørane og interessentane. Utarbeiding av arkitektskisser for ombygging av Ivar Aasen bygget på campus. Kartlegging av laboratoriebehov som komplementerer laboratorier som skal opprettast i høgskulen sitt nye mediebygg. Utarbeiding av modellar for drift av ulike laboratorium, aktivitetar og nettverksfunksjonar særleg kopla til internasjonalisering. Kartlegging av finansiørar, investorar, potensielle mentorar og eksterne fagressursar.

Målgrupper

Fagtilsette ved HVO, studentar ved HVO, bedrifter i regionen, bedrifter i fylket, relevante nasjonale organisasjonar og foretak. Utanlandske samarbeidspartar. Målgruppene skal involverast gjennom kvantitative og kvalitative granskingar, workshops, informasjonsmøter og open idéformidling og idéfangst.

Resultat

Gjennom kvantitative og kvalitative granskingar retta mot studentar og fagtilsette vil vi undersøke innovasjonsklimaet på HVO og potensialet for kommersialisering av viten mellom studentar og tilsette. Avklaring av aksjonærsamansetting og finansiering av drift av kunnskapspark og inkubator. Modell for samarbeid med HVO. Avklaring i høve påbygg av ei tredje etasje for opplæring av busette flyktningar, og avklaring av mogleg modell for eit samspel mellom integrasjon og innovasjon.

Effekter

Auka fokus under studiet på entreprenørskap for studentar ved HVO. Auka kunnskap om entreprenørskap for fagtilsette ved HVO og moglegheitene for kommersialisering gjennom bruk av inkubator og forretningsutvikling i ein kunnskapspark. Innhenting av all informasjon nødvendig for gjennomføring av hovedprosjekt.

Tids- og kostnadsplan**Tidsplan**

Juni 2016 - desember 2016: Analyser, intervju og gruppearbeid

September 2016 - desember 2016: Møter med fagavdelingar HVO og eksternt

Januar 2017 - mai 2017: Studieturar

Juni 2017 - september 2017: arkitektskisser og ombyggingsforslag

September 2017 - desember 2017: kartlegging leigetakarar og driftsnivå

September 2017 - desember 2017: kartlegging investorar og finansiering

September 2017 - desember 2017: kartlegging samarbeid SIVA aktørar

Desember 2017: intansjonsavtalar

Januar 2018: kartlegging samarbeid virkemiddelapparat

Januar 2018 - mars 2018: gruppearbeid/workshops

April 2018: detaljplanlegging med byggeigar

April 2018 - mai 2018: rapportering og presentasjonar

Juni 2018: Sluttrapport og konklusjon mht hovedprosjekt

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Profesjonelle tenester	20 000	60 000	70 000			150 000
Prosjektleiing og prosjektarbeid	100 000	200 000	70 000			370 000
Reisekostnader	90 000	60 000				150 000
Workshops/møtekostnader	40 000	80 000	10 000			130 000
Sum kostnad	250 000	400 000	150 000			800 000

Profesjonelle tenester inkluderer for eksempel arkitekthonorar, rekneskap og revisjon.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Høgskulen i Volda	25 000	50 000	25 000			100 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	100 000	200 000	100 000			400 000
Sunnmøre Kulturnæringshage	25 000	50 000	25 000			100 000
Volda kommune	100 000	100 000				200 000
Sum finansiering	250 000	400 000	150 000			800 000

Sunnmøre Kulturnæringshage AS sin innsats er eigeninnsats budsjettert med kr.600,- time.

Geografi

1500-Møre og Romsdal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Desginbrief mail VKP.pdf	1 266 966	24.05.2016
VKP forstudie.pdf	6 414 759	24.05.2016



Foto: Atle Vasbotn Remmereit. CGI: Firegrader AS

FORSTUDIE VOLDA KUNNSKAPSPARK

PROSJEKTSKILDRING

Gransking av moglegheitene for etablering av ein kunnskapspark for kommersialisering av kunnskap innan kultur- og mediefag ved Høgskulen i Volda.

Innholdsfortegnelse

BAKGRUNN OG INITIATIV	3
BAKGRUNN.....	3
INITIATIVTAKARAR.....	3
PROSJEKTORGANISERING OG GJENNOMFØRING	4
MÅLSETTING OG VISJON	5
FØRESETNADER	6
ORGANISASJONSMODELLAR OG EIGARSKAP	7
ANDRE KUNNSKAPSPARKAR.....	7
AKTUELLE MODELLAR FOR VOLDA KUNNSKAPSPARK.....	7
<i>Eigarskap til bygget</i>	8
<i>Innovasjonsselskap</i>	8
<i>Drøfting</i>	9
AKTØRAR OG ELEMENT I VOLDA KUNNSKAPSPARK	10
KOMPETANSE/HØGARE UTDANNING.....	10
NÆRINGSAKTØRAR.....	10
TILGJENGE OG ATTRAKTIV LOKALISERING.....	11
ATTRAKTIV UTFORMING OG INNHOLD.....	11
ØKONOMISK ATTRAKTIVITET.....	11
UTVIKLINGSPOTENSIALE OG FLEKSIBILITET.....	11
AASENBYGGET PÅ CAMPUS.....	12
KONKLUSJON OG VEGEN VIDARE	13

Bakgrunn og initiativ

BAKGRUNN

Høgskulen i Volda (HVO) er den største utdanningsinstitusjonen mellom Bergen og Trondheim, og den største i Møre og Romsdal med over 300 høgt kvalifiserte tilsette og 4000 studentar. HVO er ein hovudleverandør av kompetansepersonell til kommunane mellom Nordfjord og Romsdalsfjorden, ein region med over 177.000 innbyggjarar.

StudiebygdA Volda har 8977 innbyggjarar, og av desse er 7155 busette i Volda sentrum.

I tillegg kjem 2300 av studentane ved HVO som bur i Volda utan å ha meldt flytting til kommunen.

Andelen studentar i høve fastbuande er det høgste i Noreg, og er eit avgjerande bidrag til det vitale og nasjonalt kjende studiemiljøet i Volda.

Nasjonalt er HVO mest kjent for si praktiske utdanning innan mediefag, og det nyleg gjennomførte campusprosjektet har peika på oppføring av eit nytt medieringssenter for kultur- og mediefag på campus som svært viktig for utvikling av HVO. Fagmiljøet ved HVO innan mediefag er det største i Noreg, og med ny organisering vil både den medierelaterte utdanninga ved Avdeling for kulturfag og eksisterande utdanningar ved Avdeling for mediefag bli samla i eit felles bygg for optimal utnytting av fagleg og teknisk infrastruktur.

Ein konsekvens av det nye mediebygget er at Aasenbygget på campus blir fristilt til annan bruk. I motsetnad til alle andre bygg på campus der Statsbygg eig både tomt og bygningar, er Aasenbygget og tomta bygget står på eigd av Volda kommune. Bygget vart i si tid oppført i samband med etableringa av Møre og Romsdal Distriktshøgskule.

Gjennom campusutviklingsprosjektet er moglegheitsrommet for kommersialisering av kunnskapen som veks fram mellom tilsette og studentar synleggjort. Allereie i dag er FoU aktiviteten og internasjonal publisering frå fagmiljøa ved HVO på topp 5 lista nasjonalt, og gjennom etablering av Volda Kunnskapspark vil auka samhandling med næringslivet gi enno større moglegheiter for FoU aktivitetar. Ein kan og forvente fleire og betre nyetableringar og inkubatorkandidatar med utspring frå HVO gjennom høgskulen si auka satsing på entreprenørskap

INITIATIVTAKARAR

Høgskulen i Volda (HVO)

Sunnmøre Kulturnæringshage AS (SKNH)

Volda kommune

Prosjektorganisering og gjennomføring

Prosjektet Volda Kunnskapspark er eigd av Volda kommune og drive fram av innovasjonsselskapet Sunnmøre Kulturnæringshage AS som har avtale med HVO om å arbeide for etablering av Volda Kunnskapspark. Det er nedsett ei arbeidsgruppe i samband med forstudien med desse medlemmane:
Asbjørn Moltudal, rådgivar i Volda kommune
Kjell Magne Rindal, eigedomssjef Volda kommune
Martin Foldal, dagleg leiar i Sunnmøre Kulturnæringshage AS
Marie Storfjord, IPAS student ved HVO

Ein har i denne forstudien ynskt å sjå på mogleg etterbruk av Volda kommune sitt bygg på campus, og difor er arbeidsgruppa sett med representantar for Volda kommune. I eit forprosjekt for Volda kunnskapspark vil HVO være ein naturleg og naudsynt deltakar både i styrings- og arbeidsgruppe.



Målsetting og visjon

Volda Kunnskapspark skal sikre eit breitt samarbeid om forskingsbasert innovasjon, kopla opp mot kompetente og praksisnære miljø i Møre og romsdal og Noreg. Kunnskapsparken skal og bidra til oppbygging av ein komplementær arbeidsmarknad innan kunnskapsintensiv tenesteproduksjon med særleg fokus på moglegheitene som profesjonsutdanninga ved HVO gir regionen.

Eit sentralt mål er og å hente ut synergjar ved samlokalisering av eksisterande og nye utviklingsaktørar for å bygge opp eit robust utviklingsmiljø. Vi ynskjer å samle:

- Høgare utdanning og forskning
- Kunnskapsnæringar
- Innovasjonsmiljø og virkemiddelapparat

Samlokalisering er i seg sjølv som røynsla syner eit godt virkemiddel for å skape ein samhandlingsarena der miljøa kan spele saman og drage kvarandre fram. Denne samlokaliseringa fungerer best i eit bygg som er tilpassa eit slikt formål. Tiltaket skal bidra til å få ei betre kontakt mellom produksjonsnæringar, kunnskapsnæringar og kunnskapsprodusentar/-formidlarar.

I dette miljøet skal det og utviklast, utnyttast og formidlast kunnskap og kompetanse om regionen, til beste for regionen. Kunnskapsparken må givast ein tydelig nasjonal og internasjonal profil for å fylle rolla som regionalt utviklingsverktøy. Kunnskapsparken gir og moglegheiter for å hente inn eksternt kompetansepersonell som kan bidra til eit betre samarbeid eksternt, og opne for forbetringar i både kvaliteten og kvantiteten av både undervisning og nytenking mellom studentar, fagtilsette og næringslivet på ein generell basis. Det er og ei målsetting at Volda Kunnskapspark blir arena for ei saumlaus entreprenørskapsløype der dei ulike virkemiddelaktørane i samspel leverer sine respektive kompetansefelt inn mot brukarane.

Vår visjon er at Volda Kunnskapspark skal formidle, kople og skape kompetanse for å bidra til samfunns- og næringsutviklinga i Møre og Romsdal ved å bygge vidare på moglegheitene det faglege tyngdepunktet med base i StudiebygdA Volda gir.

Føresetnader

Kunnskapsparken må kunne fungere som ein sentral aktør i produksjon og formidling av kunnskap og kunne styrke HVO si rolle som samfunnsaktør. Kunnskapsparken må og fylle rolla som møtestad og arenabyggar i regionen, og være godt forankra i relevante miljø lokalt, regionalt og nasjonalt. Campusprosjektet ved HVO avdekte ynskjer frå næringslivet i regionen om auka samarbeid med fagmiljø og studentar ved HVO, og Kunnskapsparken kan være ein naturleg tilretteleggjar for dette.

Med HVO si lokale, regionale og nasjonale rolle er Volda eit rett og naturleg val for etablering av ein kunnskapspark. Med ei sentral plassering på søre Sunnmøre er Volda ein del av ein region med eit breitt og variert næringsliv. Kommunen har gode kommunikasjonar med fleire daglege flyruter mot Bergen og Oslo, og det fins mykje internasjonal kompetanse både i næringslivet og på HVO. Planane for bygging av eit mediehus på campus gjer det naturleg å bygge opp en regional kunnskapspark rundt dette.



Foto: Pinterest.com

Organisasjonsmodellar og eigarskap

ANDRE KUNNSKAPSPARKAR

Kunnskapsparkane i Noreg er organisert som aksjeselskap med både privat og offentlig aksjekapital, med majoritet frå det private næringslivet. Offentleg «fødselshjelp» gjennom aksjeinnskot frå fylkeskommunar og Selskapet for industrivekst SF (SIVA) har ved alle tidlegare etableringar vore vesentlege bidrag. Samstundes er det ei klar erfaring at den private kapitalen og legitimiteten i lokalt/regionalt næringsliv er ein føresetnad for å lukkast over tid. Kunnskapsparkane i Noreg har skilt mellom eigarskap og drift av innovasjonsselskapa og eigarskap og drift av bygningsmassen.

Kunnskapsparkane i Ålesund og Molde har offentlig grunnfinansiering i botn gjennom tilskot frå SIVA og Møre og Romsdal fylkeskommune. I tillegg bidreg offentlege midlar til dømes frå Innovasjon Norge til drift av selskap og bygg, anten gjennom prosjektfinansiering, husleige eller deltaking i program (t.d. Arena og NCE). Den viktigaste erfaringa er at det må ligge føre ein forretningsplan og ei forretningsmessig drift som sikrar Kunnskapsparken inntekter frå private kjelder.

Samlokalisering av viktige utviklingsaktørar er en grunnide i kunnskapsparkane. Kva bedrifter, utviklingsaktørar, utdanningsinstitusjonar m.v. som er representert er forskjellig og reflekterer lokale situasjonar og behov.

Kunnskapsparkane i Noreg har noko ulik profil. Fellestrekk ein finn hjå alle er bedriftsutvikling, rådgivningstenester, prosjektleiing, fondsforvaltning, høgare utdanning og forskingsmiljø. Kvar tyngda ligg og kva fagområder det blir satsa innan er igjen avhengig av dei lokale føresetnadane.

Ein kunnskapspark har som føremål å kommersialisere kunnskap som veks fram mellom tilsette og studentar ved ein høgskule. Ein kunnskapspark har alltid ein inkubator for nye verksemder. Inkubasjon er eit verkty for utvikling av nye bedrifter eller for å skape vekst i eksisterande bedrifter gjennom eit strukturert løp der inkubatoren går inn med rådgiving, aksjekapital, investeringar og styrekompetanse. I ein inkubator får gründerar tilgang på profesjonelle forretningsutviklarar, rådgivarar og investorar. Inkubatoren er også eit faglig og sosialt fellesskap som gir idear rom til å vokse.

AKTUELLE MODELLAR FOR VOLDA KUNNSKAPSPARK

Vidare i prosessen lyt det avklarast korleis eksisterande eller nytt innovasjonsselskap skal forhalde seg til eigarskap og drift av bygget.

Tre sentrale spørsmål som må avklarast i samband med vidare framdrift av prosjektet er:

1. Kva er det mest eigna bygget for etablering av ein kunnskapspark?
2. Om Aasenbygget er det beste alternativet, korleis skal ombygginga finansierast?
3. Skal eksisterande innovasjonsselskap (SKNH) vidareførast eller er det føremålstenleg å etablere eit nytt selskap?

VOLDA KUNNSKAPSPARK - FORSTUDIE

Eigarskap til bygget

Ei sentral målsetting er å skape eit større utviklingsmiljø, gjennom samlokalisering av utviklingsaktørar, næringsaktørar og kompetansmiljø. Dette må skje i eit tilpassa og attraktivt bygg som har tilstrekkeleg plass til å samle eit større miljø og som kan tilby miljøskapande fellesareal og aktivitetar som bygg opp under føremålet med samlokaliseringa. Dette kan skje i eit eksisterande bygg eller i eit nybygg. Spørsmålet er kven som skal ha ansvaret og korleis dette best kan realiserast.

Vi kan peike på 3 aktuelle eigarskapsmodellar:

1. Volda kommune held fram med å eige bygget og leiger det ut til eit driftsselskap.
2. Private eigedomsutviklarar realiserer eit bygg
3. Vi etablerer eit nytt eigedomsselskap med SKNH og private utbygarar på eigarsida.

Alternativ 2 og 3 opnar for at SIVA og andre interessentar kan gå inn på eigarsida. Alle 3 alternativa vil ha både fordeler og ulemper som må vurderast ut frå faktorar som:

- Økonomi (investerings-og driftsperspektiv)
- Driftsansvar
- Tid
- Grad av kontroll/innflytelse frå SKNH si side

Når det gjeld Aasenbygget vil det være relevant å undersøke nasjonale støtteordningar for ENØK tiltak i samband med ei eventuell ombygging og tilpassing av bygget. Vi nemner som eksempel vannboren varme, behovstyrt ventilasjonsløyising og kledning av bygg for å minke kulde- og varmebruer.

Innovasjonsselskap

Ein sentral aktør i ein kunnskapspark er innovasjonsselskapet som vil være motoren for etablering og vedlikehald av utviklingsmiljøet. Dette innovasjonsselskapet kan være:

- Sunnmøre Kulturnæringshage AS (SKNH) i dagens form
- Eit nytt innovasjonsselskap som opererer parallelt med SKNH
- SKNH omdanna til eit nytt innovasjonsselskap innretta mot dei rollene som skal ivaretakast i ein kunnskapspark

Fyrste avklaring vil være kva rolle og kva funksjonar innovasjonsselskapet skal ivareta. Dette spørsmålet heng sjølvstendig saman med det første, nemlig korleis eigarskapet til eit bygg skal ivaretakast.

VOLDA KUNNSKAPSPARK - FORSTUDIE

Drøfting

Eit innovasjonsselskap som også har eit eigar-og driftsansvar for eit bygg vil måtte organiserast på ein annan måte enn om ein berre fokuserer på kjerneverksemda (innovasjon/næringsutvikling). Ei slik løysing vil krevje meir ressursar og vil innebere ein større økonomisk risiko. På den andre side vil ein få større påverknad på korleis bygget blir organisert og utvikla. Spørsmålet er då om tilstrekkeleg grad av påverknad kan sikrast på annan måte enn gjennom eigarskap. Erfaringane frå Ålesund Kunnskapspark (ÅKP) tilseier at eigar- og driftsansvar for bygg er svært ressurskrevjande økonomisk og organisatorisk. Korkje ÅKP eller Molde Kunnskapspark har i dag slik ansvar.



Foto: Pinterest.com

Aktører og element i Volda Kunnskapspark

KOMPETANSE/HØGARE UTDANNING

Kompetanse/utdanning er identifisert som eit sentralt satsingsområde for samfunns-og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Dette må reflekterast gjennom dei aktørane som blir invitert inn i bygget. Volda Kunnskapspark skal i samarbeid med HVO sitt tilbod om høgare utdanning bidra til auka FoU-aktivitet og samankopling av kompetanse-og utviklingsmiljø. I denne samanhengen er det viktig å legge til rette god dialog med den administrative og faglege leiinga for at HVO skal finne ei for seg naturleg rolle i kunnskapsparken som er forankra i HVO sitt fagmiljø.

For å kunne ha ei tydeleg rolle innanfor høgare utdanning er det viktig at kunnskapsparken er knytt til HVO som har nettopp dette som primærrolle. Vi har identifisert nokre aktører og løysningar som vi meiner bør inviterast inn i eit samarbeid:

- HVO, leige av kontor for samfunnskontakt, kunnskapsformidling og forskning
- SEANSE - senter for kunstproduksjon
- Møreforskning AS Volda
- Ungt Entreprenørskap avdeling Søre Sunnmøre
- Bachelorhub HVO

NÆRINGSAKTØRAR

Bygget må drivast på eit sunt forretningsmessig grunnlag og må difor være attraktivt nok til å trekke til seg tilstrekkelig med bedrifter til at leieinntekter er sikra for drifta. Det er eit viktig poeng at leietakarane må være bedrifter som ynskjer å være bidragsytarar i eit større utviklingsmiljø. Kunnskapsparken må kople seg på dei viktige drivarane i samfunns-og næringsutviklinga i regionen, og det er naturleg å søke samarbeidspartnarar og leietakarar innan:

- Kunnskapsbedrifter mediefag
- Tenesteutvikling for offentlig sektor
- Komplementere tenesteleverandørar (juridisk, revisjon, prototyping m.m.)
- Kulturnæringar
- FoU og kommunikasjonsavdelingar i internasjonalt retta industri

Dette er ikkje nødvendig å velje nokon få bransjar/sektorar som får særlig merksemd når samarbeidspartnarar og leietakarar blir invitert inn. Det er viktigare at innovasjonsaktørane og virkemiddelapparatet fokuserer på denne tematikken i sine prosjekt og aktivitetar. Med den fagprofilen som HVO har peiker nokon fagområder seg ut som meir interessante enn andre. Også på nærings sida må det internasjonale givast ein tydelig rolle.

Krav til bygg og bygget si rolle

Ein kunnskapspark si rolle og potensiale er definert av aktørane, deira aktivitetar, sjølv bygget, og ikkje minst korleis desse elementa spelar saman. Å ha eit levande utviklingsmiljø er ikkje fyrst og fremst vilkårsett av eit bygg. Aktørane, deira aktivitet og samspel er det sentrale. Ved å samle aktørane i eit tilpassa bygg kan mange synergjar nåast. Det må difor gjerast ei god vurdering av kva slag aktørar som kan/bør inviteras inn, kva fasilitetar dei må tilbydast, og ikkje minst gi rom for fleksibilitet i høve utvikling av bygget.

TILGJENGE OG ATTRAKTIV LOKALISERING

Bygget må sjåast som ein attraktivt stad å være for dei ein ynskjer å invitere inn. Dette handlar både om at leigetakarane må være nær sine kundar og partnarar, og at det må være enkelt å kome til og frå for samarbeidspartnarar. Eit av dei sentrale krava vil være at kunnskapsparken bør ha ei sentral plassering nært eller på campus til HVO.

ATTRAKTIV UTFORMING OG INNHOLD

Bygget må ha ei utforming, areal og funksjonar som gjer det attraktivt for dei aktuelle aktørane. Det må og etablerast funksjonar og miljøskapande tiltak som bygger opp under byggets funksjon. Dette betyr m.a. at bygget bør ha:

- ✓ Tilstrekkeleg med møterom med moderne IKT fasilitetar
- ✓ Areal tilpassa undervisningsføremål
- ✓ Fellesareal/samlingsplassar som t.d. kantine eller innovasjonspub
- ✓ Felles administrative funksjonar knytt til drift av bygget og fellesfunksjonar
- ✓ Teknisk standard tilpassa dagens krav.

ØKONOMISK ATTRAKTIVITET

Kostnaden for leigetakarane må være akseptabel og konkurransedyktig. Andre kunnskapsparkar i Noreg erfarer at attraktiv lokalisering og attraktivt innhald aukar betalingsviljen.

UTVIKLINGSPOTENSIALE OG FLEKSIBILITET

Behovet for, og funksjonen til ein kunnskapspark i dag og i framtida vil være forskjellig.

I tillegg til krava nemnt over er det difor ynskelig å ivareta moglegheita for å kunne utvikle bygget i tråd med skiftande føresetningar. Dette vil gi naudsynt fleksibilitet dersom samansetninga av leietakarar og krava til byggets funksjonar endrar seg.

VOLDA KUNNSKAPSPARK - FORSTUDIE

AASENBYGGET PÅ CAMPUS

I campusprosjektet vart det peika på mangelen på overnattingstilbod for dei som deltek på samlingsbasert etter- og vidareutdanning, fagkurs m.m. Førebelse planar og kalkyler stadfestar moglegheita for etablering av eit bed & breakfast (B&B) tilbod i 2 etasje på Aasenbygget.

Gitt at etterspurnaden etter B&B er så stor som signalisert i campusprosjektet, kan inntekter frå eit B&B tilbod finansiere ombygging av Aasenbygget til kunnskapspark. SKNH har laga skisser som syner at ein kan få til 23 kontor, 3D/prototypelab, VR lab, renderingfarm, 5 møterom, undervisningsrom og arkiv i første etasje medan ein i andre etasje kan få 31 B&B rom, kantine, eventhall, garderober og innovasjonspub. Ein kunnskapspark i Aasenbygget har med si plassering moglegheit for å være fysisk på campus men likevel opplevast som eit sjølvstendig miljø.

Dersom ein etablerer Volda Kunnskapspark i Aasenbygget, vil HVO kunne skaffe seg betydelege eksterne inntekter frå leveransar av ulike tenester til kunnskapsparken. Departementet har etterlyst vekst i eksterne inntekter for HVO. Det nye mediebygget ved HVO er tenkt knytt til Hans Strøm bygget som m.a. husar TV studiofasilitetar og annan kostbar infrastruktur som det også vil være interessant for bedriftene i Volda Kunnskapspark å leige bruk av.

Den komande Voldatunnelen vil truleg medføre behov for flytting av hovudinngang, noko som vil måtte finne si avklaring i eit forprosjekt.



Kart: Statsbygg (Campusprosjekt HVO)

Konklusjon og vegen vidare

Prosjektgruppa sitt arbeid og innhaldet i rapporten har vist at det er eit klart grunnlag for å arbeide vidare med ideen om å realisere ein kunnskapspark i Volda knytt opp mot HVO i Volda kommune sitt bygg på campus. Realisering av ein kunnskapspark krev engasjement frå lokalt og regionalt næringsliv, og med den fagprofilen ein legg opp til vil det og være naturleg å søke engasjement frå nasjonale aktørar som t.d. kringkastingsselskap og produksjonsselskap innan media.

Styret i SKNH har vedteke at selskapet kan ta ei leiande rolle i å drive dette fram vidare på et meir detaljert og forpliktande nivå, og ein foreslår at SKNH kan ha prosjektleiarfunksjon.


Arbeidsgruppa foreslår på bakgrunn av funna i forstudien at det blir utarbeidd eit budsjett for gjennomføring av eit forprosjekt. Forprosjektet bør søke finansiering frå Volda kommune, SKNH, HVO, SIVA og Møre og Romsdal fylkeskommune. Basert på erfaringane frå andre kunnskapsparkprosjekt er det ynskjeleg at forprosjektet strekkjer seg over to år for å sikre god forankring i HVO sine fagmiljø.

Volda, 25 februar 2016

Spørsmål 1 av 11

Kva avdeling ved HVO er du tilsett i? (vel i rullegardinmenyen)


Kva avdeling ved HVO er du tilsett i? (vel i rullegardinmenyen)



Spørsmål 2 av 11


Kva seksjon/program/institutt arbeider du i?

Kva seksjon/program/institutt arbeider du i?




Spørsmål 3 av 11

Kva seksjon arbeider du i?




Spørsmål 4 av 11

🔍 Kva institutt arbeider du i?





Spørsmål 5 av 11

🔍 Kva institutt arbeider du i?




Spørsmål 6 av 11


☐ Kor viktig synes du desse punkta er for Høgskulen i Volda




Kor viktig synes du desse punkta er for Høgskulen i Volda
God kobling mot offentlig sektor (kommuner, fylker, stat og offentlege verksemdar)




Kor viktig synes du desse punkta er for Høgskulen i Volda
Tilrettelegging for entreprenørskap som ein integrrert del av emne/program



Kor viktig synes du desse punkta er for Høgskulen i Volda
Tilrettelegging for entreprenørskap som valfritt emne




Kor viktig synes du desse punkta er for Høgskulen i Volda
Høgskulearrangement der studentar møter potensielle arbeidsgivarar




Spørsmål 7 av 11

❓ Kor viktig synes du desse punkta er for deg som tilsett ved Høgskulen i Volda?


Kor viktig synes du desse punkta er for deg som tilsett ved Høgskulen i Volda?
Moglegheit for deltaking i nasjonale FoU prosjekt




Kor viktig synes du desse punkta er for deg som tilsett ved Høgskulen i Volda?
Moglegheit for deltaking i internasjonale FoU prosjekt




Kor viktig synes du desse punkta er for deg som tilsett ved Høgskulen i Volda?
Tverrfagleg samarbeid internt på Høgskulen i Volda




Kor viktig synes du desse punkta er for deg som tilsett ved Høgskulen i Volda?
Tverrfagleg samarbeid utanfor Høgskulen i Volda



Kor viktig synes du desse punkta er for deg som tilsett ved Høgskulen i Volda?
Finansiell og organisatorisk hjelp til kommersialisering av dine faglege idear




Kor viktig synes du desse punkta er for deg som tilsett ved Høgskulen i Volda?
Etablering av ein kunnskapspark knytt til Høgskulen i Volda




Spørsmål 8 av 11

🔍 Kva synes om Høgskulen i Volda sin innsats på desse punkta?


Kva synes om Høgskulen i Volda sin innsats på desse punkta?
Etablering av Volda kunnskapspark




Kva synes om Høgskulen i Volda sin innsats på desse punkta?
God kobling mot næringslivet regionalt og nasjonalt




Kva synes om Høgskulen i Volda sin innsats på desse punkta?
 God kobling mot offentlig sektor (kommuner, fylker, stat og offentlege verksemder)




Kva synes om Høgskulen i Volda sin innsats på desse punkta?
 Tilrettelegging for entreprenørskap som ein integrert del av emne/program



Kva synes om Høgskulen i Volda sin innsats på desse punkta?
 Tilrettelegging for entreprenørskap som valfritt emne




Kva synes om Høgskulen i Volda sin innsats på desse punkta?
Høgskulearrangement der studentar møter potensielle arbeidsgivarar




Spørsmål 9 av 11

☐ Korleis synes du Høgskulen i Volda presterer på desse punkta for deg som tilsett?


Korleis synes du Høgskulen i Volda presterer på desse punkta for deg som tilsett?
Moglegheit for deltaking i nasjonale FoU prosjekt




Korleis synes du Høgskulen i Volda presterer på desse punkta for deg som tilsett?
Moglegheit for deltaking i internasjonale FoU prosjekt




Korleis synes du Høgskulen i Volda presterer på desse punkta for deg som tilsett?
Tverrfagleg samarbeid internt på Høgskulen i Volda




Korleis synes du Høgskulen i Volda presterer på desse punkta for deg som tilsett?
Tverrfagleg samarbeid utanfor Høgskulen i Volda



Korleis synes du Høgskulen i Volda presterer på desse punkta for deg som tilsett?
Finansiell og organisatorisk hjelp til kommersialisering av dine faglege idear




Korleis synes du Høgskulen i Volda presterer på desse punkta for deg som tilsett?
Etablering av ein kunnskapspark knytt til Høgskulen i Volda




Spørsmål 10 av 11

🔍 Dette vil etablering av Volda Kunnskapspark bety for meg som fagtilsett ved Høgskulen i Volda


Dette vil etablering av Volda Kunnskapspark bety for meg som fagtilsett ved Høgskulen i Volda
Tilgang til ein møteplass mellom næringsliv, offentlig sektor og akademien.




Dette vil etablering av Volda Kunnskapspark bety for meg som fagtilsett ved Høgskulen i Volda
Eit miljø som kan hjelpe meg med kommersialisering av mine idear



Dette vil etablering av Volda Kunnskapspark bety for meg som fagtilsett ved Høgskulen i Volda
Eit miljø som kan hjelpe mine studentar med kommersialisering av deira idear



Dette vil etablering av Volda Kunnskapspark bety for meg som fagtilsett ved Høgskulen i Volda
Eit miljø som kan hjelpe mine kollegaer med kommersialisering av deira idear



Spørsmål 11 av 11

Har du synspunkt utover det du har fått spørsmål om - kan du skrive dei her

- Når de signaliserer at spørjeundersøkinga skal ta fire minutt med såpass mange spørsmål, risikerer de også å signalisere anten at respondentane kjenner dette temaet godt eller at respondentane ikkje skal bruke tid på å tenkje seg om. Særleg det siste alternativet (som truleg vil gjelde mange) vil vere med på å påverke kvaliteten på svare de får
- Det hadde vært nyttig å starte undersøkelsen med å skille mellom ulike typer ansatt -som ansatt uten FoU osv, er de fleste spørsmålene ikke relevante å svare på for meg. Susanne
- Eg har nok ikkje nok informasjon til å ha danne meg ei meining om saka frå Høgskulen si side. Generelt vil eg si at næringshagar er eit godt tiltak både for dei som skal no ut i arbeid, dei som er i startfasa av eit arbeid, og for utdanning som treng samarbeidspartnarar for å kunne utvikle faga.

Lukke til vidare i prosessen
- I'm interested in the formation of a capital investment culture & a community that really supports innovation, having worked closely with incubator hubs, community programmes, Business School & Entrepreneur JV 's, that fostering of community is crucial & something I haven't seen locally or regionally. Also maybe the local education needs min MBA elements to make it sustainable in VC terms
- Arbeid retta mot studentane må ta høgde for at meir enn 30% av dei er nettstudentar. Ein bør såleis leggje vekt på å ha gode nettsider og leggje opp til arbeidsformer ivaretar denne viktige studentgruppa.
- Kommersialisering er veldig lite viktig for mine studier, med mindre det er snakk om å gi ut bok eller liknande.
- spørsmåla var i liten grad retta inn mot adm tilsette som er er ein del av.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sunnmøre kulturnæringshage
Storgata 8
6100 VOLDA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		88135/2016/243	Øyvind Tveten, 71 25 81 95	16.09.2016

Tilsegn om tilskot på inntil 400 000 kroner frå dei regionale utviklingsmidlane til «Forprosjekt Volda kunnskapspark»

Tilsegn nr. 2016-0125

Vi viser til dykkar søknad, datert 24.05.2016, om tilskot frå dei regionale utviklingsmidlane til Forprosjekt Volda Kunnskapspark.

Regional- og næringsavdelinga har, etter fullmakt, gjort følgjande vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver Sunnmøre Kulturnæringshage AS eit tilskot frå dei regionale utviklingsmidlane, Kap.551.60, på inntil 400 000 kroner til Forprosjekt Volda Kunnskapspark.

*Tilskotet er avgrensa til 50,0 % av totalt kostnadsoverslag på 800 000 kroner
Det er ein føresetnad at prosjektet blir fullfinansiert.*

Det er ein føresetnad at fylkeskommunen får observatørstatus i styringsgruppa for prosjektet.

Grunnlag for vedtaket:

Søknaden er behandla etter nasjonale føringar for regionale utviklingsmidlar, fylkesplan for Møre og Romsdal og Handlingsprogram for verdiskaping 2015.

Til grunn for vedtaket ligg eit kapitalbehov på 800 000 fordelt på følgjande hovudpostar:

Godkjent kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	SUM
Innkjøp tenester til prosjektet	20 000	60 000	70 000		150 000
Prosjektileiing og prosjektarbeid	100 000	200 000	70 000		370 000
Reisekostnader (studietur og kartlegging)	90 000	60 000			150 000
Workshops/møtekostnader	40 000	80 000	10 000		130 000
Sum kostnad	250 000	400 000	150 000		800 000

Godkjent finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	SUM
Høgskulen i Volda	25 000	50 000	25 000		100 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	100 000	200 000	100 000		400 000
Sunnmøre Kulturnæringshage	25 000	50 000	25 000		100 000
Volda kommune	100 000	100 000			200 000
Sum finansiering	250 000	400 000	150 000		800 000

Prosjektet skal avklare:

1. Formål med kunnskapsparken, kva aktivitetar som skal vere i bygget
2. Aktørar i bygget (dei deler i to grupper ; FoU/kompetanse og næringsaktørar)
3. Modell for innovasjonselskapet
4. Eigarskap til bygget
5. Utforming av bygg (innhald og fleksibilitet for å kunne legge til rette for framtidige behov)
6. Finansiering av bygg og aktivitetar

Resultatmål:

Forprosjektet skal konkludere om ein skal iverksette eit hovudprosjekt for etablering av Volda Kunnskapspark.

Vilkår for utbetaling av tilsegna:

Prosjektet må ikkje starte opp før finansieringa er i orden.

Møre og Romsdal fylkeskommune skal nemnast som finansieringskjelde når det blir informert om prosjektet i media, til samarbeidspartar eller andre.

Reduksjon og inndraging av tilsegn

Dersom tilskotsmottakar ikkje fyller vilkåra som ligg til grunn for tilsegna, kan tilsegna falle bort eller bli redusert.

Det same gjeld dersom mottakar endrar planane som ligg til grunn for tilsegna. Utbetalt tilskot kan då bli kravd tilbake. Endringar kan berre gjerast etter godkjenning frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Virketid for tilsegn

Tilsegna fell bort dersom Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje har motteke oppmoding om utbetaling innan tilsegnsåret og dei tre påfølgjande åra.

Berre i heilt særskilte høve, og etter skriftleg søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune, kan tilsegn forlengast i inntil eitt år. Søknad om forlenging må sendast Møre og Romsdal fylkeskommune seinast den 1. november i det siste året tilsegna er gyldig.

Utbetaling, rekneskap og rapportering

Det skal forst spesifisert rekneskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at han kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilsegna.

Tilskot kan berre utbetalast etterskotsvis.

Inntil 75 % av tilskotet kan bli utbetalt undervegs i prosjektperioden. Søknader om delutbetaling må innehalde spesifisert rekneskap som er sett opp på same måte som kostnadsoverslaget.

88135/2016

Når prosjektet er avslutta kan det søkast om sluttutbetaling. Med søknaden må det følgje:

- Sluttrapport, som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.
- Revisorgodkjend rekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige må få rekneskapen bekrefta av autorisert rekneskapsfører.

Alle søknader om utbetaling skal sendast inn via www.regionalforvaltning.no.

Tilskotsmottakar må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt attende eller etterbetalt.

Kontroll

Møre og Romsdal fylkeskommune, departementet og Riksrevisjonen har høve til å kontrollere at tilskotet blir nytta etter føresetnadene.

Tilskotsmottakar pliktar å ta vare på rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekning av tilskotsbeløp.

Klage

Tilskotsmottakar har etter forvaltningslova har rett til innsyn i saksdokument som ligg til grunn for vedtaket.

Tilskotsmottakar kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at dette brevet er mottatt. Klage kan sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune, regional- og næringsavdelinga, Postboks 2500, 6404 Molde.

Med helsing

Bergljot Landstad
regional- og næringsssjef

Øyvind Tveten
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Handsaming:

Grunngjeve spørsmål frå Gunnar Strøm, med svar frå ordføraren, datert 26.05.2016, vart delt ut i møtet.

Gunnar Strøm SV, kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett. Formannskapet bed administrasjonen om å legge fram resultata av samtalan mellom VTI fotballgruppa og teknisk sektor i kommunen om miljørisikoane ved granulat/gummikuler slik ordføraren svarte på eit grunngjeve spørsmål i KST 26.05.2016.

Røysting utsetjingsframlegget:

Utsetjingsframlegget fekk fire røyster (Gunnar Strøm, Odd Harald Sundal, Fride Sortehaug og Jørgen Amdam) og fall, fem røysta imot.

Ordføraren kom med slikt tillegg til tilrådinga frå administrasjonen:

Kommunestyret ber om informasjon om tiltak mot eventuell forureiningsfare med granulat m.o.t. deponering av gammalt kunstgrasdekke og legging av nytt kunstgrusdekke.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilleggsframlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:

- 1. Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 2.146. 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.**
Garantien vert gjeven på slike vilkår:
 - a. Garantien er ein simpel kausjon.**
 - b. Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av sponsormidlar, spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og skissert nedbetalingsplan for lånet, maks lånetid 15 r.**
- 2. Kommunestyret finn ikkje å kunne gje tilskot til prosjektet slik søkt om, (kr. 200.000), då det ikkje er avsett midlar til slike formål i budsjett 2016 eller budsjettforslag for 2017.**
- 3. Kommunestyret ber om informasjon om tiltak mot eventuell forureiningsfare med granulat m.o.t. deponering av gammalt kunstgrasdekke og legging av nytt kunstgrusdekke.**



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/1706

Arkivkode: D10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
211/16	Formannskapet	15.11.2016
146/16	Kommunestyret	24.11.2016

VTI FOTBALL - UTSKIFTING AV KUNSTGRASET PÅ B-BANA VED VOLDA STADION - SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI OG KOMMUNALT TILSKOT

Administrasjonen si tilråding:

- Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 2.146. 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.
Garantien vert gjeven på slike vilkår:
 - Garantien er ein simpel kausjon.
 - Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av sponsormidlar, spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og skissert nedbetalingsplan for lånet, maks lånetid 15 år.*
- Kommunestyret finn ikkje å kunne gje tilskot til prosjektet slik søkt om, (kr. 200.000), då det ikkje er avsett midlar til slike formål i budsjett 2016 eller budsjettforslag for 2017.*

Vedleggsliste:

VTI-Fotball - Søknad om lånegaranti
Førehandsgodkjenning av plan
Plandokument - førehandsgodkjenning

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøanlegg.
Kommuneplanen sin samfunnsdel.

Saksopplysningar:

VTI-Fotball har søkt kommunen om kommunal garanti for låneopptak i Sparebanken Møre, i samband med rehabilitering/utskifting av kunstgrasdekket på B-bana ved Volda stadion. Dei søker også om eit eingongstilskot til prosjektet på kr. 200.000 kr.

B-bana er den eldste kunstgrasbana på området, med dekke frå 2002. Dekket er totalt utslite og bana vert difor i dag lite brukt. Rehabiliteringa er naudsynt for å sikre grunnlaget for den store aktiviteten i området. I søknaden heiter det elles m.a.:

Volda TI Fotball søker med dette Volda kommune om lånegaranti på kr 2.2 mill. samt 200,000 kr i eingongs støtte til utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda Stadion. Dette dekkjer netto lånebehov, etter at gåver og dugnad er trekt frå totalkostnad.

Volda TI Fotball har fått tilsegn på lån på 2.35 mill frå Sparebanken Møre til dette føremålet, under føresetnad av at det vert gjeve kommunal garanti for lånet. Kommunal garanti er såleis også ein føresetnad for at prosjektet skal kunne verte godkjent som spelemiddelprosjekt.

Volda Stadion er eit særst viktig område og del av Volda Kommune sin «Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2014 – 2018» (KDP).

Ein har nyleg styrka satsinga på stadionområdet gjennom utviding av klubbhuset, og dette vil støtta opp om vidare vekst og tilrettelegging for idrett og fysisk fostring i regi av Volda TI Fotball på stadion. Med den nye Mørehallen har fotballen vorte eit heilårstilbod, og både denne og banene utandørs vert nytta til både organisert aktivitet og fri fysisk fostring.

Med det høge aktivitetsnivået er og gode fasilitetar i form av banar å spele på heilt avgjerande, og B-bana på Volda stadion er i dag i så utslite at Norges Fotballforbund i sin tilstandsrapport tilrår ei umiddelbar utskifting av kunstgraset på denne bana.

Volda TI Fotball har i 2016 fått refundert spelemidlar for Mørehallen med 1.2 mill.kr som no gjer klubben i stand til å kunne foreta ei slik investering. Med gode utandørs baner som er tilgjengelige heile døgnet for organisert og uorganisert idrett ynskjer vi å fortsetje å skape dei beste føresetnadane for rekruttering til og deltaking i idrett og fysisk aktivitet blant born og unge, og med gode fasilitetar og klubbens trygge rammer ynskjer vi å senke terskelen for å ta del i dette ungdomsarbeidet (KDP, kapittel 2).

Vi meiner utskiftinga av kunstgraset på B-bana vil passe godt inn i dei kommunale målsettingane (KDP, kapittel 2.2) og strategien som er vedtatt i KDP (kapittel 2.2.2), og at denne satsinga såleis har ein naturleg plass i kommunal plan for idrett og friluftsliv.

Vi ber om at søknaden vert behandla snarast råd slik at vi kan kome i gang med utskiftinga av kunstgraset på B-bana så snart som muleg, då det er eit stort behov for dette.

Kostnadsplan

<i>Fjerning eksisterande dekke</i>	<i>kr. 355.000.-</i>
<i>Nytt kunstgrasdekke</i>	<i>kr. 1.816.115.-</i>
<i>Grunnarbeid opprusting og utviding</i>	<i>kr. 116.780.-</i>
<i>Byggeleiiing</i>	<i>kr. 60.000.-</i>
<i>Mva</i>	<i>kr. 531.974.-</i>
<i>Samla kostnad</i>	<i>kr. 2.879.869.-</i>

Finansieringsplan

<i>Gåver</i>	<i>kr. 450.000.-</i>
<i>Dugnadsarbeid</i>	<i>kr. 210.000.-</i>
<i>Spelemidlar</i>	<i>kr. 936.000.-</i>
<i>Lån /eigenkapital</i>	<i>kr. 741.470.-</i>
<i>Refusjon mva</i>	<i>kr. 469.368.-</i>
<i>Samla finansiering</i>	<i>kr. 2.879.869.-</i>

Med den finansieringsplan som no er sett opp for prosjektet vert lånebehovet noko redusert i høve til finansieringstilsegn vi har fått frå Sparebanken Møre, og det vert sannsynleg ikkje behov for å låne meir enn ca 2,2 mill kr på kort sikt, medan det langsiktige lånet som skal betenast når MVA refusjon og spelemidlar er motteke vert omlag kr. 618.000 .

Ein ventar at (100 prosent) MVA refusjon vert utbetalt innan 31.12.2017, og spelemidlar reknar ein med å kunne få utbetalt tidlegast i frå 2018. Men vi tek høgde for at det er usikkert når spelemidlane faktisk vil verte utbetalt då det normalt er 2-3 år ventetid.

Driftsplan og driftsbudsjett

Volda TI Fotball eig kunstgrasbanene på Volda Stadion, har fullt ut ansvar for drifta og dekkjer også alle driftskostnadene med banane. Kostnadane med normalt vedlikehald av banane er difor allereie inkludert i klubbens vanlege budsjett, og det er ikkje naudsynt med noko vesentleg ekstra kostnadar til drift eller vedlikehald av B-bana når nytt kunstgras er lagt. Fornyng av kunstgraset vil difor heller ikkje påverke klubbens driftsplan eller budsjett.

Ein førebels nedbetalingsplan for lånet er satt opp nedanfor basert på ei lånerente på 5% p.a., men ein har eit von om at det kan vere mogleg å få innvilga ei lånerente endå noko lågare enn dette og på nivå med dei lån vi har frå før i Sparebanken Møre.

Klubben har ein sunn økonomi og system for jamn oppfølging av både økonomi og organisasjon. Likviditeten er god, og det er budsjettert med eit rekneskapsoverskot for 2016 på omlag 146,000 kr inkludert betjening av dagens låneomfang. Ein har og begynt å få refundert spelemidlar for Mørehallen som gjer at samla gjeld vert redusert sjølv ved utskifting av kunstgraset på B-bana.

Det er sett opp eit døme på nedbetalingsplan som vil vere handterbar for Volda TI Fotball, sjølv med ei rente på 5%. Ein vil difor ha ei realistisk evne til å kunne bere kostnadane med denne utvidinga, då ein ventar ein fortsatt roleg vekst i Volda TI Fotball vidare på fleire områder som vil kunne vere med å bere desse kostnadane.

Skisse til nedbetalingsplan:

Tall i tusen kr.	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Restlån	2 150	1 681	1 681	902	824	746
Renter, 5%pa	108	84	84			
Annuitet (renter og avdrag)				115	115	115
Sum betjening lån	108	84	84	115	115	115
Månedlig kost	9	7	7	10	10	10

Reknar med MVA refusjon med 469,000 kr blir utbetalt i 2017. Reknar med spelemidlar med 960.000 kr blir utbetalt desember 2019. Reknar med annuitetslån med 5% rente over 10 år frå og med 2020."

Det er også lagt fram oversyn over laget sin økonomi i perioden 2011 til 2016. Dette syner ei drift i balanse og der laget sine plikter er innfridde.

Vidare heiter det i søknaden:

"Volda TI Fotball har eit budsjett for 2016 som syner inntekter på 7.83 mill.kr og eit overskot på NOI < 146.000. Per 31.juli 2016 var ein på plan i forhold til dette budsjettet, og vi har ikkje grunn til å rekne med vesentlege avvik frå årets budsjett. Men vi fyl økonomien nøye, og sjølv om ein skulle formelt sett bli i stand til å sette i gong dette prosjektet så vil det ikkje verte sett i gong om klubbens økonomiske situasjon endrar seg undervegs i prosessen og er sterk nok til å bere prosjektet på det tidspunkteiner klar.

Foreldre og barn i Volda har teke svært godt i mot Volda TI Fotballs tilbad om Fotballfritidsordning. Første året var det ca 70 deltakande barn, andre året auka talet til ca 150, og hausten 2015 auka talet på barn vidare til 215. Tal barn fall noko våren 2016, men vi ser no ei ny vesentleg auke for hausten 2016 til nær 240 born. Vi ser og ei auka inntekt per born som bidreg godt til klubbens økonomi også noko ut over årets budsjett.

Vi håpar de vil sjå positivt på denne søknaden om 1) kommunal lånegaranti på 2.2 mill.kr og 2) økonomisk støtte med 200 000 kr til ei utskifting av kunstgraset på B-bana på Volda Stadion,

og med det vere med å understøtte vida re vekst og utvikling i Volda Tl Fotball sine aktiviteter for born og unge i Volda".

Så seint som i mars 2016 vart spørsmål om kommunal garanti for eksisterande lån til VTI-Fotball handsama av kommunen.

I sak 32/16, den 31.03.2016 vart det såleis gjort fylgjande vedtak:

- 1. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 10 000 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.**
Garantien vert gitt på slike vilkår:
 - A. Garantien er ein simpel kausjon.**
 - B. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 30 år.**
 - C. Garantien erstattar noverande garanti på 13 mill kr, vedtatt av Kommunestyret i PS 113/13.**

- 2. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 1.665.000,- på dei vilkår som framgår av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.**
Garantien vert gitt på slike vilkår:
 - D. Garantien er ein simpel kausjon.**
 - E. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 10 år.**
 - F. Garantien erstattar noverande garanti på kr 2.830.000, vedtatt av Kommunestyret 19. desember 2006.**

I samband med kommunerekneskap 2015 er det gitt oversyn over gjeldande kommunale garantiar. For VTI-Allianse og VTI-Fotball syner dette fylgjande:

Lag og foreiningar (kst-sak)	Garantibeløp pr. 31.12.15	Opprinneleg garantibeløp	Garantien utgår
V.T.I. Allianse - garanti tilb. klubbhus	3.300.000		31.12.2040
V.T.I. fotball(0114/06)	1 665000	2830. 000	31.03.2026
VTI Fotball – fotballhall (113/13)	10.000.000	15. 000 000	31.03.2046
VTI- Fotball -Omsøkt garanti		2.200.000	31.12.2026
VTI-Allianse - omsøkt garanti		2.041.000	31.12.2021

Ved tilskot frå spelemidlane på kr. 936.000 og refusjon mva kr 469.000 vil lånebehov og garantibehov for VTI Fotball bli redusert til kr.618.000 etter ca 3-4 år.

For VTI-Allianse vil lån og garantibehov langt på veg kunne vere nedbetalt/innfridd gjennom tilskot frå spelemidlar og mva-refusjon i løpet av 3 til 4 år. (kr 1.200.000 pluss kr. 754.000).

Både VTI-Allianse og VTI-Fotball har hatt god økonomistyring og har fylgt nedbetalingsplanar for tidlegare lån med kommunale garantiar. Opplegg for nedbetaling av nye lån synest realistisk og forsvarleg.

Tilhøve til Kommuneplanen sin samfunnsdel:

Det aktuelle tiltaket vil vere positivt sett i høve til dei mål og strategiar som er nedfelt i kommuneplanen for Volda, ved m.a:

- *auka tilgangen til attraktive idrett og fritidstilbod som stimulerer til auka fysisk aktivitet, og tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen .*
- *kan styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for auka innsats frå frivillige lag i arbeidet med kultur og fritidsaktivitetar for alle.*
- *Ivareta og styrke eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid.*
- *Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.*
- *kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø.*
- *kunne bidra til å heve standarden på leike- og aktivitetsområda i kommunen*
- *Legge til rette for meir fysisk aktivitet og styrke og utvide rusfrie møteplassar for ungdom.*
- *Stimulere lag og organisasjonar til å legge til rette for inkludering.*
- *gjennom å utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt kan det også bidra til å styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.*

Helse og miljøkonsekvensar:

Tiltaket er i samsvar med KDP for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv og vil vere eit viktig bidrag til ytterlegare styrking av den store aktiviteten i dette viktige idrettsområdet i Volda sentrum.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen særlege for tiltaket. Avklara gjennom reguleringsplan for området.

Vurdering og konklusjon:

Volda stadion med ulike anlegg er eit av dei viktigaste idretts og aktivitetsområda i kommunen.

Ei rehabilitering og ombygging er naudsynt for at denne fotballbana skal vere funksjonell og tenleg i høve til den store og auka aktivitet som VTI-Fotball har i området.

I fylgje gjeldande kommunedelplan *For fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv* skal kommunal garanti tilknytt finansiering av spelemiddeltiltak vere eit viktig og prioritert verkemiddel. Jf. Kap. 4.0 verkemidlar, og kap. 5.1-prioritering av tiltak, der det heiter:

”Kommunale garantiordning for lån er eit av dei viktigaste bidrag frå kommunen si side for å fremje laga sine utbyggingsprosjekt og må vidareførast som viktige verkemiddel i høve til anleggsutbygging i lags-regi.”

”Kommunen vil innanfor økonomisk rammer i økonomiplan og budsjett etter nærare vurdering stille naudsynte kommunale garantiar for eigenkapitallån og lån til forskottering av spelemidlar for prioriterte anlegg i plan.”

Med grunnlag i kommunedelplan og opplysningar i søknad finn ein å kunne tilrå kommunal garanti slik søkt om.

Dette er eit type tiltak det kan stillast garanti for, jfr. komm.lova §51. Etter kommunelova § 51 nr. 3 krev slik garanti godkjenning av Fylkesmannen. (over 500.000).

Når det gjeld søknad om tilskot er dette ikkje spesielt grunngeve i søknaden. Men eit slikt tilskot ville sjølvsagt vere positivt for å redusere behovet for eigenkapital/lån i prosjektet. Kommunen har ikkje sett av midlar til slike formål i budsjett for 2016 eller i framlegg til budsjett for 2017.

Med grunnlag i dette finn ein ikkje å kunne tilrå at slikt tilskot vert gitt.

.....

Rune Sjugard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal for godkjenning av garantivedtak

Kopi til:

VTI-Allianse

VTI-Fotball

Idrettsrådet

Økonomisjef Henrik Skovly

Økonomikons. Marija Ostojic

Rekneskapssjef Gunnar L. Lillebø

Utvikling



Volda TI Fotball

Volda kommune v/ Rådmann Rune Sjurgard

postmottak@volda.kommune.no

Deres ref.

Vår ref.
Solveig Storeide

Dato:
19.10.2016

Søknad om lånegaranti og kommunal støtte til utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda Stadion

Volda TI Fotball søker med dette Volda kommune om

1. lånegaranti på kr 2.2 mill. samt
2. 200,000 kr i eingongs støtte til utskifting av kunstgraset på B-bana

til utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda Stadion. Dette dekkjer netto lånebehov, etter at gaver og dugnad er trekt frå totalkostnad.

Volda TI Fotball har fått tilsegn på lån på inntil 2.35 mill frå Sparebanken Møre til dette føremålet, under føresetnad av at det vert gjeve kommunal garanti for lånet. Kommunal garanti er også ein føresetnad for at prosjektet skal kunne verte godkjent som spelemiddelprosjekt og få utbetalt spelemidlar.

Volda Stadion er eit særst viktig område og del av Volda Kommune sin «Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2014 – 2018» (KDP).

Ein har nyleg styrka satsinga på stadionområdet gjennom utviding av klubbhuset, og dette vil støtta opp om vidare vekst og tilrettelegging for idrett og fysisk fostring i regi av Volda TI Fotball på stadion. Med den nye Mørehallen har fotballen vorte eit heilårstilbod, og både denne og banene utandørs vert nytta til både organisert aktivitet og fri fysisk fostring.

Med det høge aktivitetsnivået er og gode fasilitetar i form av banar å spele på heilt avgjerande, og B-bana på Volda stadion er i dag i så utslitt at Norges Fotballforbund i sin tilstandsrapport tilrår ei umiddelbar utskifting av kunstgraset på denne bana.

Volda TI Fotball har i 2016 fått refundert spelemidlar for Mørehallen med 1.2 mill.kr som no gjer klubben i stand til å kunne foreta ei slik investering. Med gode utandørs baner som er tilgjengelige heile døgnet for organisert og uorganisert idrett ynskjer vi å fortsetje å skape dei beste føresetnadane for rekruttering til og deltaking i idrett og fysisk aktivitet blant born og


unge, og med gode fasilitetar og klubbens trygge rammer ynskjer vi å senke terskelen for å ta del i dette ungdomsarbeidet (KDP, kapittel 2).

Vi meiner utskiftinga av kunstgraset på B-bana vil passe godt inn i dei kommunale målsettingane (KDP, kapittel 2.2) og strategien som er vedtatt i KDP (kapittel 2.2.2), og at denne satsinga såleis har ein naturleg plass i kommunal plan for idrett og friluftsliv.

Vi ber om at søknaden vert behandla snarast råd slik at vi kan kome i gang med utskiftinga av kunstgraset på B-bana så snart som muleg, då det er eit stort behov for dette. For informasjon om prosjektet og gjennomføring visast det og til innlevert søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.


Kostnadsplan

Oversikten nedanfor syner aktuelle kostnadspostar knytt til utskifting av kunstgraset på B-bana.



Finansieringsplan

Oversikten nedanfor syner føresett plan for finansiering av utskifting av kunstgraset på B-bana.



For detaljer knytt til kostnadsplan og finansieringsplan vert det vist til søknad om idrettsfunksjonell godkjenning der dette er nærare spesifisert og forklart.

Med den finansieringsplan som no er sett opp for prosjektet vert lånebehovet noko redusert i høve det finansierings tilsagn vi har fått frå Sparebanken Møre, og det vert mest sannsynleg ikkje behov for å låne meir enn ca 2,2 mill.kr. på kort sikt, medan det langsiktige lånet som skal betenast når MVA refusjon og spelemidlar er motteke vert omlag 618,000 kr.

Volda TI Fotball har og sendt inn søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for prosjektet, men svar på denne søknaden er ennå ikkje motteke.

Ein ventar at (100 prosent) MVA refusjon er oppnåeleg og vert utbetalt innan 31.12.2017, og spelemidlar reknar ein med å kunne få utbetalt tidlegast i frå 2018. Men vi tek høgde for at det er usikkert når spelemidlane faktisk vil verte utbetalt då det normalt er 2-3 år ventetid.

Driftsplan og driftsbudsjett

Volda TI Fotball eig kunstgrasbanene på Volda Stadion, har fullt ut ansvar for drifta og dekkjer også alle driftskostnadene med banane. Kostnadane med normalt vedlikehald av banane er difor allereie inkludert i klubbens vanlege budsjett, og det er ikkje naudsynt med noko vesentleg ekstra kostnadar til drift eller vedlikehald av B-bana når nytt kunstgras er lagt. Fornying av kunstgraset vil difor heller ikkje påverke klubbens driftsplan eller budsjett.

Ein førebels nedbetalingsplan for lånet er satt opp nedanfor basert på ei lånerente på 5% p.a., men ein har eit von om at det kan vere mogleg å få innvilga ei lånerente endå noko lågare enn dette og på nivå med dei lån vi har frå før i Sparebanken Møre.

Klubben har ein sunn økonomi og system for jamn oppfølging av både økonomi og organisasjon. Likviditeten er god, og det er budsjettert med eit rekneskaps overskot for 2016 på omlag 146,000 kr inkludert betjening av dagens låneomfang. Ein er og begynt å få refundert spelemidlar for Mørehallen som gjer at samla gjeld vert redusert sjølv ved utskifting av kunstgraset på B-bana.

Det er sett opp eit døme på nedbetalingsplan som vil vere handterbar for Volda TI Fotball, sjølv med ei rente på 5%. Ein vil difor ha ei realistisk evne til å kunne bere kostnadane med denne utvidinga, då ein ventar ein fortsatt roleg vekst i Volda TI Fotball vidare på fleire områder som vil kunne vere med å bere desse kostnadane.

Skisse til nedbetalingsplan:

Tall i tusen kr.	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Restlån	2 109	1 577	1 577	617	553	489
Renter, 5%pa	105	79	79			
Annuitet (renter og avdrag)				102	102	102
Sum betjening lån	105	79	79	102	102	102
Månedlig kost	9	7	7	9	9	9

Reknar med MVA refusjon med 532,000 kr vert utbetalt i 2017

Reknar med spelemidlar med 960,000 kr vert utbetalt desember 2019

Reknar med annuitetslån med 5% rente over 10 år frå og med 2020

Økonomisk oversyn - hovudtal for Volda TI Fotball

Volda TI Fotball har dei siste åra hatt ei positiv utvikling med vekst i aktiviteten og overskott i rekneskapen dei fleste åra.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016 (budsjett)
Driftsinntekter	2,40	2,90	3,26	4,94	7,59	7,83
Driftsresultat	0,20	-0,02	0,18	0,37	0,27	0,38
Årsresultat	0,10	-0,14	0,06	0,01	-0,07	0,15
Gjeld	2,75	2,42	8,32	13,44	12,55	11,50*

Alle tal i mill. kroner.

*Anslag då det er avhengig av tidspunkt for konvertering av byggelåen for Mørrehallen og flytting av lån frå Sparebank1 Søre Sunnmøre som det vert jobba med fortsatt.

Volda TI Fotball har eit budsjett for 2016 som syner inntekter på 7.83 mill.kr og eit overskot på NOK 146.000. Per 31.juli 2016 var ein på plan i forhold til dette budsjettet, og vi har ikkje grunn til å rekne med vesentlege avvik frå årets budsjett. Men vi fyl økonomien nøye, og sjølv om ein skulle formelt sett bli i stand til å sette i gong dette prosjektet så vil det ikkje verte sett i gong om klubbens økonomiske situasjon endrar seg undervegs i prosessen og er sterk nok til å bere prosjektet på det tidspunkt ein er klar.

Foreldre og barn i Volda har teke svært godt i mot Volda TI Fotballs tilbod om Fotballfritidsordning. Første året var det ca 70 deltakande barn, andre året auka talet til ca 150, og hausten 2015 auka talet på barn vidare til 215. Tal barn fall noko våren 2016, men vi ser no ei ny vesentleg auke for hausten 2016 til nær 240 born. Vi ser og ei auka inntekt per born som bidreg godt til klubbens økonomi også noko ut over årets budsjett.

Vi håpar de vil sjå positivt på denne søknaden om 1) kommunal lånegaranti på 2.2 mill.kr og 2) økonomisk støtte med 200 000 kr til ei utskifting av kunstgraset på B-bana på Volda Stadion, og med det vere med å understøtte vidare vekst og utvikling i Volda TI Fotball sine aktiviteter for born og unge i Volda.

Venleg helsing



for

Volda TI Fotball



SPAREBANKEN MØRE

Volda Turn og Idrettslag Fotball
Postboks 135
6100 Volda

Ørsta 28.09.2016

Stadfesting på finansiering – Nytt kunstgrasdekke på Volda stadion

Sparebanken Møre stadfester herved at Volda Turn og Idrettslag Fotball (org.nr 981951921) har fått innvilga finansiering kr 2.350.000,- til skifte av kunstgrasdekke på Volda stadion. Stadfesting på finansiering er under føresetnad om innvilga kommunal garanti frå Volda kommune.

MVh

Bjørnar Vartdal

Autorisert finansiell rådgivar

Sparebanken Møre

Tlf: +47 91 74 78 90

Epost: bjornar.vartdal@sbn.no

SPAREBANKEN MØRE



VOLDA KOMMUNE

Utvikling

VOLDA TURN OG IDROTTSKLAG FOTBALL
Postboks 135

6101 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/1706	12320/2016	D10	UTV/ PERHEL	1.11.2016

VTI FOTBALL.

UTSKIFTING AV KUNSTGRASET PÅ B-BANA VED VOLDA STADION - IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING

Kommunen har motteke søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for rehabilitering av kunstgrasdekket på bane 2 ved Volda stadion -idrettsanlegg

Anlegget er registrert i kommunedelplan for "fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak" og i idrettsanleggsregisteret som anlegg nr. 1519000102.

Bana fekk lagt kunstgrasdekke i 2002.

Eksisterande bane fekk tilskot frå spelemidlane i 1978-80 som grusbane, og til kunstgrasdekke i 2002-03.

Anlegget har kunstgrasflate 68x106 m, med speleflate 62x100m.

VTI-Allianse står som eigar av baneanlegga.

Det er inngått driftsavtale med VTI-Fotball som også står som søkjar og skal stå for den praktiske gjennomføringa og ha driftsansvar for anlegget.

Kommunen er eigar av grunn i området, og har gitt VTI-Allianse/VTI- Fotball evigvarande rett til bruk av areala til idrettsformål.

Det aktuelle areal er i gjeldande reguleringsplan for området avsett til idrettsformål og inngår i "Stadion-området" der det i dag i tillegg til den no rehabiliteringsklare kunstgrasbana er etablert klubbhus med dusj/garderobe-fasilitetar-, hovudfotballbane med tribueanlegg (m/kunstgras)-, ein 7-er-bane m kunstgras og samt to 7-er grusbane, og fotballhall. Alle banene har lys.

Det er utarbeidd ein god og oversiktleg prosjektbeskrivelse for prosjektet, utarbeidd i samsvar med gjeldande retningsliner, jf. Vegleiar V-0732, og rettleiar "universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" frå KDP .

Det er også i samsvar med V-0732, utarbeidd tilstandsrapport for eksisterande anlegg/dekke og konklusjonar og anbefalingar i denne tilseier at banedekket bør skiftast ut snarast om bruken av bana skal kunne vidareførast.

Konklusjonane i rapporten er lagt til grunn for prosjektering av planlagt rehabilitering.

Volda stadion med ulike anlegg ligg inne som anleggsstad og anleggsdel i kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv.

Utskifting/rehabilitering av kunstgrasdekke er ikkje direkte nemnt/prioritert i gjeldande handlingsdel av denne planen, men vil vere naturleg å vurdere innrullering av i samband med årleg rullering av handlingsprogrammet.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon: 70058717	Org. nr: 939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro:

Etter gjennomgang av prosjektbeskrivelse med tilhørende kostnadsoppsett og grunnlag for finansiering, finn ein at prosjektet er i samsvar med innhald og funksjonskrav sett i rundskriv V-0732. Dette med omsyn til valgt banedekke og omsyn til tryggleikssoner og reglar om tilgjenge.

Rehabiliteringsprosjektet får ein samla kostnad på kr. 2.879.869.

Dette gir også grunnlag for eit tilskot frå spelemidlane til prosjektet på kr. 960.000.

Nærare om finansiering går fram av søknad/prosjektbeskrivelse.

Kommunen har etter gjennomgang ikkje vesentlege merknader til dei kostnadtal som er lagt til grunn. Kommunen finn dei aktuelle planane svært positive med tanke på auka aktivitet. Behovet for oppgraderinga er klart dokumentert gjennom tilstandsrapport, og opplegg for utbetring/rehabilitering er i samsvar med tilrådingane her.

Volda kommune finn ut frå dette å kunne gje prosjektet idrettsfunksjonell godkjenning, som grunnlag for tilskot frå spelemidlane, i samsvar med søknad.

Stempla plandokument følgjer vedlagt.

Ved fremjing av søknad om tilskot frå spelemidlane må det ligge føre detaljert kostnadsoverslag og finansieringsplan der alle deler av finansiering vert dokumentert. (Lånetilsegn, kommunal garanti, gåver-rabattar, egne midlar-, m.m).

Det må vidare ligge føre årsmøtevedtak for bruk av egne midlar og låneopptak.

Det skal ved bygging/søknad etablerast eige prosjektrekneskap for anlegget. Anleggsrekneskapen skal skiljast frå andre rekneskap i klubben og det bør nyttast ein eigen bankkonto for alle ut og innbetalingar som gjeld anlegget. (jf V-0732 pkt 5.3).

I høve saka viser ein også til V-0732 pkt 5.4 om føring av rekneskap.

Med helsing
Volda kommune

.....
Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

.....
Per Heltne
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi: VTI-Allianse
Idrettsrådet
Møre og Romsdal Fylkeskommune



Volda TI Fotball

Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning Rehabilitering av kunstgraset på Bane B ved Volda Stadion

Publikasjon nr.: 01-2016
Revisjon: 05

Søknaden er gjennomgått og vurdert i høve til førresegner i V-0732 og ut frå vedlagde tilstandsrapport og prosjektbeskrivelse. Planane vert gitt idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for moglege søknad om tilskot frå spelemidlane for rehabilitering av kunstgrasdekke ved brev av 4.11.2016.

Volda kommune Utvikling


efn

Per Helme

føregjvarleg plan



VOLDA – 19.10.2016


Solveig Storeide
Dagleg leiar



Innhold

Innleiing	3
Om prosjektbeskrivelsen	3
1 Anlegget sin plass i kommunal plan for idrett og friluftsliv	4
2 Utgreiing om universell utforming	4
3 Situasjonsplan	5
3.1 Kommunale planar gjeldande arealbruk, eigedomsforhold/avtalar knytt til anlegget....	5
3.2 Parkeringstilhøve	5
4 Behovsoppgåve	6
5 Plan for gjennomføring	7
5.1 Prosjektorganisering	7
5.2 Grunnarbeid og drenering	7
5.3 Nytt kunstgrasdekke	8
5.4 Sikkerheitssoner	9
5.5 Flomlysanlegg.....	9
6 Kostnadsoverslag	10
7 Førebels plan for finansiering og drift av anlegget	12
7.1 Volda TI Fotball sin evne til å bære denne investeringa	13
8 Dokumentasjon av tilpassing av anlegget til bygningar i nærleiken og karakteren til landskapet	14
9 Teikningar av anlegget	15
A1. Tilstandsrapport frå Norges Fotballforbund	16
A2. Stadfesting frå Sparebanken Møre	17
A3. Tilbod på nytt dekke og stadfesting av gåve frå Sport Surface	18



Innleiing

Denne prosjektbeskrivelsen skal gi underlag for idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av prosjekt for rehabilitering av kunstgraset på B-bana ved Volda Stadion.

Volda TI Fotball (org. nr. 981 951 921) eig B-bana som ligg på Volda Stadion, og leiger heile Volda Stadion av Volda TI Allianseidrettslag (942 789 149) som på sin side har avtale om evig bruksrett til areal og anlegg med Volda kommune.

Volda TI Fotball vil stå for rehabiliteringa av B bana, og kontaktpersonar for prosjektet i Volda TI Fotball er: Jarle Støyle (js@aurstad.no) og styreleiar Lars-Ove Hammer (larsove@haugenbok.no).

Om prosjektbeskrivelsen

Prosjektbeskrivelsen er utforma i tråd med rettleiar V-0732 frå KDP for å sikre at naudsynt underlag for førehandsgodkjenninga vert utarbeidd.

Vedlegg er plasserte til slutt i prosjektbeskrivelsen.



1 Anlegget sin plass i kommunal plan for idrett og friluftsliv

Volda Stadion er eit særskilt viktig område og del av Volda Kommune sin «[Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2014 – 2018](#)» (KDP).

Ein har nyleg styrka satsinga på stadionområdet gjennom utviding av klubbhuset, og dette vil støtte opp om vidare vekst og tilrettelegging for idrett og fysisk fostring i regi av Volda TI Fotball på stadion. Med den nye Mørehallen har fotballen vorte eit heilårstilbod, og både denne og banene utandørs vert nytta til både organisert aktivitet og fri fysisk fostring.

Med det høge aktivitetsnivået er og gode fasilitetar i form av banar å spele på heilt avgjerande, og B-bana på Volda stadion er i dag i så utslitt at Norges Fotballforbund tilrår ei umiddelbar utskifting av kunstgraset på denne bana (sjå Tilstandsrapport frå Norges Fotballforbund i vedlegg A.1).

Volda TI Fotball får i 2016 refundert spelemidlar for Mørehallen med 1.2 mill.kr som no gjer klubben i stand til å kunne foreta ei slik investering. Med gode utandørs baner som er tilgjengelige heile døgnet for organisert og uorganisert idrett ynskjer vi å fortsetje å skape dei beste føresetnadane for rekruttering til og deltaking i idrett og fysisk aktivitet blant born og unge, og med gode fasilitetar og klubbens trygge rammer ynskjer vi å senke terskelen for å ta del i dette ungdomsarbeidet (KDP, kapittel 2).

Vi meiner utskiftinga av kunstgraset på B-bana vil passe godt inn i dei kommunale målsettingane (KDP, kapittel 2.2) og strategien som er vedtatt i KDP (kapittel 2.2.2), og at denne satsinga såleis har ein naturleg plass i kommunal plan for idrett og friluftsliv.

Eit nytt dekke på B-bana på Volda stadion vil og gjere det mogleg å flytte aktivitet om vinteren til B-bana, og brøyte denne i staden for A-bana. Då vil ein og vere enda sikrere på å kunne unngå den uønskte situasjonen ein har hatt nokre vintre nå med at gummi frå A-bana har vorte kasta på utsida av bana med snøfresar, og diverre i nokon grad vorte transportert derifrå vidare til Øyraelva. Dette er noko vi tek på alvor, og vi legg om rutinar for å sikre best mogleg at det skal vere mogleg å brøyte A-bana utan at dette skal kunne skje og slik at miljøet rundt oss vert godt ivaretatt. Likevel ser vi ei utskifting av B-bana og nytting av denne om vinteren i staden for A-bana og som eit ekstra miljøtiltak i høve denne problemstillinga.

2 Utgreiing om universell utforming

Baneområdet vart opparbeida før krav om universell utforming var utarbeida, men det er god plass rundt bana og ikkje vurdert som naudsynt med nye og særskilte tiltak for å tilfredsstille dagens krav til universell utforming (sjå Tilstandsrapporten frå NFF, side 10).

Forprosjektet har ei økonomisk ramme på inntil kr. 200.000,- der kommunane Hornindal (vert), Stranda, Stryn, Volda og Ørsta bidreg med kr. 25.000,- kvar. Volda kommune tek på seg eventuell tilleggsfinansiering innanfor den økonomiske ramma for å realisere forprosjektarbeidet. Ein føresetnad for vedtaket er at minst 4 av dei 5 kommunane sluttar seg til forprosjektet.

Dekning: kto. 14900.1550.100 (xxxxx Det skal opprettast prosjektnummer)

Vedleggsliste:

1. «Ny næring på gamle tufter» - skissenotat d.s. 22.09.16
2. Referat frå møte 16.10.16.

Samandrag av saka:

Dei pågåande kommunereformprosessane syner at kommunane Hornindal, Stryn, Volda og Ørsta og Stranda har store sams interesser, utfordringar og moglegheiter knytt til næringsretta bruk av areal.

Det er no teke eit initiativ av ordførarane i nærområdet for å sjå næringsutvikling og samfunnsutvikling på bygdene i samanheng og å skape ein sams arena for læring og stimulans til innovasjon og utviklingsarbeid. Jfr. Vedlegg nr.2

Det vert rådd til eit forprosjekt der det blir klarlagt nærare mål for arbeidet, organisering, framdriftsplan, kven som må og bør vere målgruppe for arbeidet, samarbeidspartar, finansiering m.m.

Rådmannen vil tilrå at forprosjektet vert gjennomført som skissert.

Saksopplysningar/fakta:

Dei pågåande kommunereformprosessane syner at kommunane Hornindal, Stryn, Volda og Ørsta og Stranda har store sams interesser, utfordringar og moglegheiter knytt til næringsretta bruk av areal.

Om bakgrunnen for prosjektet går det i skissa m.a. fram;

Innanfor landbruket er talet gardsbruk på rask veg nedover, sjølv om mange unge gardbrukarar har investert stort i nye driftsbygningar for storfehold. Dei attståande bruka er til dels organisert med lange transportvegar for gras og spreing av gjødsel og drifta blir konsentrert til dei mest lett drivne areala og med gjengroing av meir marginale. Effektivisering reduserer talet arbeidsplassar.

Samstundes har området lange og gode tradisjonar for saue- og geitehold som i dei store både innmarks- og spesielt utmarksareala til området kan supplere storfehold og spesielt fremme kulturvern og hindre attgroing. Det er mange småbruk i området med brukbare driftsbygningar som berre blir brukt som buplassar eller ferieplassar.

Området har også rike tradisjonar for foredling av landbruksprodukt som øl, spekemat, anna gardsmat, selskapsverksemd, overnatting på utleiehytter m.m. Handverksprega produksjon har sterke røtter knytt til båtbygging, møbel og næringsmiddel og god tilgang til kompetansmiljø mellom anna ved Høgskulen i Volda.

I hovedprosjektet har ein som mål å stimulere til nyskaping gjennom å kombinere ulik kunnskap og aktivitet for på den måten å skape innovasjonar innan reiseliv, produksjon, samarbeid, marknadsføring, organisering og finansiering.

For å få det til, vil ei organisering av utviklingsaktørar i området vere avgjerande samstundes som ein må etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging og implementering.

Prosjektet ynskjer å bidra til å vedlikehalde og skape ny næring med utgangspunkt i kulturlandskapet og naturressursane i området og på den måten vedlikehalde kulturlandskapet, og ein har som mål at ved årsskiftet 2019/20 skal ha sett i gang minst 10 konkrete innoverande samarbeidstiltak og med minst 10 nye bedriftsetableringar innan området.

Målet med forprosjektet er å:

1. I tett samarbeid med aktørar å utvikle kunnskap om tilhøva i området (kva som er etablert – erfaringar m.m.) og systematisk analysere sterke og svake sider og moglegheiter og truslar.
2. Kartlegge og mobilisere aktuelle utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging.
3. Saman med utviklingsaktørar i området, utvikle strategiar for utvikling og innovasjon og utvikle detaljert prosjektplan for hovudprosjektet fram til 1. januar, 2020.
4. Setje i gang konkrete tiltak på område der dette er føremålstenleg.

Kommuneplan Volda – samfunnsdelen:

Eit slikt prosjekt som har som mål å bidra til å utvikle nye næringar, styrke regionen, knyte saman ulike næringar som reiseliv, friluftsliv, jord-skog- og fjordbruk er heilt i tråd med samfunnsplanen.

Når ein i tillegg ynskjer å knyte aktivitetar og utdanning opp mot HVO undersøker dette mål og strategiane slik dei går fram av «Attraktivitet og Volda i regionen.»

Helse og miljøkonsekvensar:

På kort sikt ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Forprosjektet vil belaste Volda kommune sitt budsjett med kr. 25.000,- som ein tenker å løyve frå formannskapet sin disposisjonspost. I tillegg bind Volda kommune til å ta på seg eventuell tilleggsfinansiering innanfor den økonomiske ramma for å realisere forprosjektarbeidet. Evt. korrigering av budsjettet som fylgje av det vert å kome attende til.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen direkte.

Vurdering og konklusjon:

Utviklingsarbeid er krevjande. Skal ein makte å nå dei måla prosjektet legg opp til så krev det eit godt grunnlagsarbeid. Eit forprosjekt som gjev retning, som klargjer nærare mål for arbeidet, organisering, framdriftsplan, kven som må og bør vere målgruppe for arbeidet, samarbeidspartar, finansiering m.m. vil måtte gjerast. I ein slik samanheng vil **mobilisering av aktørar, nettverkssamarbeid** vere heilt avgjerande. Med den aktiviteten som er i Volda kommune så har ikkje administrasjonen kapasitet til dette prosjektet utan tilføring av ressursar. Det å t.d knyte til seg kultur næringshagen og den kompetanse som ligg der på prosjektarbeid, vil etter rådmannen vere naturleg i det vidare arbeidet. Ein bør i tillegg dra veksle på næringskontora og aktuelle nærings-organisasjonar både i Volda og i dei andre kommunane.

Med ei forankring politisk vil prosjektet også kunne vere eit godt samarbeidsprosjekt på tvers av kommunane der ulike kunnskap og kompetanse på ulike område vil kunne skape gode synergjar. Dette er eit spennande prosjekt, som dersom ein lakkast, kan vere med på kunne styrke næringsaktiviteten, og såleis oppretthalde og kanskje også styrke busetnaden i utsette område i regionen vår. Det vil også vere viktig i samband med å halde kulturlandskapet i hevd.

Rune Sjugard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Hornindal kommune

Stranda kommune

Stryn kommune

Ørsta kommune

ETABLERING AV PROSJEKT "NY NÆRING PÅ GAMLE TUFTER"

Med grunnlag i notat frå ordførar Jørgen Amdam datert 22.9.16 om landbruk og natur som utviklingsområde (sjå vedlegg) møtte desse på Grodås 26.10.16 for å drøfte nærare samarbeid.

Ordførar Stig Olav Lødemel, Hornindal kommune (vert)

Varaordførar Arild Ringdal, Stranda kommune

Ordførar Sven Flo, Stryn kommune

Ordførar Jørgen Amdam, Volda kommune

Ordførar Stein Aam, Ørsta kommune

Det var brei semje om behovet for å sjå næringsutvikling og samfunnsutvikling på bygdene i samanheng og at ei satsing som skissert i notatet vil kunne fungere som ein sams arena for læring og stimulans til innovasjon og utviklingsarbeid:

1. Med grunnlag i notatet blir Volda kommune bedt om å ta ansvar for forprosjekt der det blir klarlagt nærare mål med arbeidet, organisering, framdriftsplan, kven som må og bør vere målgruppe for arbeidet, samarbeidspartar, finansiering m.m. jamfør vedlagt notat. Forprosjektet bør vere ferdig seinast ved utgangen av mars 2017 og slik at kommunane kan gjere vedtak om deltaking i, organisering av og finansiering av hovudprosjekt før sommaren 2017.
2. Forprosjektet bør ha ei økonomisk ramme på om lag 200.000 kr. som skal dekke lønnskostnader, men også nødvendige reiser og aktivitetar for å få kontakt med aktuelle deltakarar, aktørar m.m. og for å få fram gode døme.
3. Til finansiering av forprosjektet bidreg kvar kommune med 25.000 kr. Volda kommune vil i tillegg syte for nødvendig tilleggsfinansiering for å realisere forprosjektarbeidet.

NY NÆRING PÅ GAMLE TUFTER

LANDBRUK OG NATUR SOM UTVIKLINGSOMRÅDE

Ja 22.9.16

BAKGRUNN

Dei pågåande kommunereformprosessane har vist at kommunane Hornindal, Stryn, Volda og Ørsta og moglegvis også Stranda har store sams interesser, utfordringar og moglegheiter knytt til næringsretta bruk av areal. I området er kjende reiselivsdestinasjonar som Geiranger, Hellesylt, Stryn, Loen, Hjørundfjord m.m. Kvivsvegen og Eiksundsambandet har opna området på ein ny måte med moglegheiter, men og utfordringar. Framtidig utbygging av E69 og FV-60 vil auke sentraliteten til området.

Innanfor landbruket er talet gardsbruk på rask veg nedover, sjølv om mange unge gardbrukarar har investert stort i nye driftsbygningar for storfehold. Dei attståande bruka er til dels organisert med lange transportveggar for gras og spreing av gjødsel og drifta blir konsentrert til dei mest lett drivne areala og med gjengroing av meir marginale. Effektivisering reduserer talet arbeidsplassar.

Samstundes har området lange og gode tradisjonar for saue- og geitehald som i dei store både innmarks- og spesielt utmarksareala til området kan supplere storfehold og spesielt fremme kulturvern og hindre attgroing. Det er mange småbruk i området med brukbare driftsbygningar som berre blir brukt som buplassar eller ferieplassar.

Området har også rike tradisjonar for foredling av landbruksprodukt som øl, spekemat, anna gardsmat, selskapsverksemd, overnatting på utleiehytter m.m. Handverksprega produksjon har sterke røter knytt til båtbygging, møbel og næringsmiddel og god tilgang til kompetansemiljø mellom anna ved Høgskulen i Volda.

MÅL

I dette prosjektet vil vi ta utgangspunkt i moglegheiter og truslar knytt til dagens og framtidig bruk av naturressursar i breitt og tradisjonar og taus kunnskap som finst i området. Tanken er at det ligg potensial i å kombinere ulike typar kompetanse, å kople kunnskap om skog- og landbruksaktivitetar og tradisjonelt handverk med reiseliv og kunnskap innan til dømes ny teknologi, marknadsføring og finansiering.

Prosjektet skal fungere som hjelpar og pådrivar for innovasjon og næringsutvikling. Dei overordna måla for prosjektet er å:

1. Stimulere til nyskaping gjennom å kombinere ulik kunnskap og aktivitet for på den måten å skape innovasjonar innan reiseliv, produksjon, samarbeid, marknadsføring, organisering og finansiering.
2. Organisere utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging og implementering.
3. Bidra til å vedlikehalde og skape ny næring med utgangspunkt i kulturlandskapet og naturressursane i området og på den måten vedlikehald kulturlandskapet.
4. Ved årsskiftet 2019/20 å ha sett i gang minst 10 konkrete innoverande samarbeidstiltak og med minst 10 nye bedriftsetableringar.

Prosjektet er tenkt gjennomført i eit forprosjekt og eit hovudprosjekt. Sentrale mål for forprosjektet er:

1. I tett samarbeid med aktørar å utvikle kunnskap om tilhøva i området (kva som er etablert – erfaringar m.m.) og systematisk analysere sterke og svake sider og moglegheiter og truslar.
2. Kartlegge og mobilisere aktuelle utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging.
3. Saman med utviklingsaktørar i området, utvikle strategiar for utvikling og innovasjon og utvikle detaljert prosjektplan for hovudprosjektet fram til 1. januar, 2020.
4. Setje i gang konkrete tiltak på område der dette er føremålstenleg.

Kjerneområde for prosjektet er minimum Hornindal og Volda, det vil vere store fordelar om prosjektet også omfattar Stranda, Stryn og Ørsta frå starten av eller ved nær kopling til prosjektet. Kunnskap og tiltak utvikla i prosjektet bør ha stor overføringsverdi til andre kommunar med tilsvarande naturtilhøve og samfunnssituasjon.

Prosjektperiode er fram til 1.1.2020 (når kommunane Hornindal og Volda formelt blir slått saman), den nye kommunen må ta stilling til vidareføring. Prosjektet blir formelt etablert ved årsskiftet 2016/17 og med 2017 som forprosjektfase med formål som skildra ovanfor.

MOGLEGE AKTIVITETAR – NOKRE TANKAR

Tankane bak dette initiativet er allereie diskuterte og det har kome fram nokre idear:

1. Utvikling av eit kvalitetsmerke for produkt og bedrifter innanfor turisme/matproduksjon/ (kunst)handverk; bruk av merke til marknadsføring, f.eks. på felles nettside. Også hjelp med å presentere desse bedriftene på andre arenaer (reiselivsmesser,...). Det finst gode eksempel på slike kvalitetsmerke og samarbeid i utlandet, f.eks. www.vulkanland.at (utvikling av merket var også resultat av ein liknande brei prosess, der aktørane først identifiserte styrker i regionen). Dette bør gjerast i samarbeid med organisasjonar som Visit Nordfjord.
2. Regionen og området har lange tradisjonar innan opplevingsretta reiseliv i form av guiding ved fjellklatring og –vandring. Det kan vere aktuelt å satse på nokre nisje innanfor turisme, der det allereie finst kompetanse i regionen. Eit eksempel kan vere fototurisme. Det finst organiserte fototurar i mange delar av verda; på den andre sida finst det relevant kompetanse på høgskulen og i kultur næringsshagen. Ved høgskulen er etablert spesialutdanning innan fjellføring og friluftsliv, det er høg kompetanse innan organisering av reiseliv i slike område og i tett samarbeid med fagmiljø i Austerrike, USA, Canada m.m.
3. Ved bruk av "Pokemon"-teknologi er under utvikling appar til mobiltelefonar m.m. til guiding knytt til koordinatsystem og med høve til å legge inn eit vell av informasjon. Det er aktuelt å utvikle app-ar innanfor fleire område:
 - a. For turistar, med forskjellige tema (kultur, natur, matkultur...)
 - b. For direkte marknadsføring av lokal matproduksjon: oversikt over lokale matprodusentar.
4. Ved HVO er det relevant å knyte lærarutdanning, sosialarbeidarutdanning, medieutdanning m.m. til aktivitetar og utdanning knytt til dyr, til landbruk og skogbruk men og ferdsel og bruk av fjell, vatn og fjord – til fots og med båt – og som gjer at det bør vere mogleg å ha lang sesong i kombinasjon med sommar- og vinterreiseliv og utdanning. I prosjektet vil det vere naturleg å utvikle spesialiserte og praktiske utdanningstilbod i tett samarbeid med næringsdrivande tilrettelagt for nasjonale og utanlandske studentar i Volda men og for andre utdanningsstadar i tillegg til tilbod for "vanlege" opplevingssturistar.
5. I samarbeid med kommunen er det etablert ein kultur næringshage i Volda med stor suksess og som det er naturleg å bygge vidare på i dette prosjektet. Det er planar for snarleg etablering av ein forskingspark knytt til dette feltet.

ORGANISERING OG FRAMDRIFT

Tiltaket må organiserast som eit ope, initierande og innoverande samarbeid der vi gjer kvarandre betre.

Vi foreslår ein oppstartsperiode fram til 1.1.2020 – noko som fell saman med prosessen med å slå saman Hornindal og Volda til ei kommune. Denne prosessen vil i seg sjølv virke stimulerande, spesielt på offentleg og kommunal verksemd, og gjer det mogleg å tenke nytt administrativt og politisk. Organisering og framdriftsplan skal utarbeidast nærare i forprosjektet våren 2017.

Kjernen i prosjektet vil vere utviklingsgruppa som vi ønskjer å etablere på Grodås så snart som mogleg og med kompetanse innan landbruk, skogbruk, utmarksnæringar, reiseliv m.m. Gruppa bør ha minst to fagfolk med høg fag- og utviklingskompetanse og store evner til nettverksbygging. I så stor grad som mogleg skal dei skjermast mot forvaltningsoppgåver for å stimulere utviklingsarbeid.

Styringsgruppe/organisering vil vere avhengig av kva kommunar som blir med på prosjektet, minimum vil vere midlertidig fellesnemnd for Hornindal/Volda fram til formell fellesnemnd blir etablert hausten 2017. Prosjektet bør ha ei referansegruppe samansett av dei mest sentrale samarbeidspartane og bidragsytarane i prosjektet. I tillegg vil det vere aktuelt med spesiell organisering av ulike tiltak/delprosjekt etter behov.

FINANSIERING

I dag brukar til dømes Hornindal og Volda rundt 2 mill. kr. til forvaltning og utviklingsarbeid innan landbruk, skogbruk og utmark, andre kommunar tilsvarande. Nokre av desse ressursane og spesielt kunnskapen til fagfolka kan brukast i dette utviklingsprosjektet. I tillegg må eit slikt prosjekt ha friske midlar.

Volda/Hornindal bør setjast av minst ein mill. kr. i året til dette utviklingsarbeid finansiert til dømes over kommunereformmidlane (regionsentertilskotet). Desse midlane skal primært brukast til kjerneverksemda i prosjektet.

I tillegg kjem midlar løyvd frå private og offentlege institusjonar til konkrete tiltak og prosjekt. Konkrete tiltak skal så langt som mogleg vere sjølvfinansierande ved å bruke tilgjengelege finansieringskjelder og eigeninnsats. Kjerneprosjekt kan/bør finansierast med prosjektmidlar og det bør søkast om andre offentlege midlar til dette.

FRAMDRIFTSPLAN

Denne skissa må detaljerast nærare i samarbeid med aktuelle aktørar og med sikte på forprosjekt frå årsskiftet 16/17. I haust bør vi ha ei samling mellom dei aktuelle kommunane der perspektiva blir drøfta og forprosjekt blir definert. Vi foreslår ein slik framdriftsplan for å ferdigstille prosjektplan for prosjektet:

1. **Oktober 2016** Diskusjonsmøte på Grodås
2. Vidareutvikling av skisse ut frå det som kjem fram på møtet.
3. Utsending av bearbeidd skisse for kommentarar.
4. **Desember 2016** Ferdig skisse for forprosjekt og grovskisse for hovudprosjektet.
5. **1. halvår 2017. Forprosjektfase – engasjert prosjektleiar**
6. August 2017 – desember 2019 - hovedprosjekt

I forprosjektet skal det lagast nærare plan for hovudprosjektperioden fram til 1.1.2020.

Handsaming:

Odd A. Folkestad, FrP, og Gunnar Strøm, SV, og Sølvi Dimmen, SP, kom med slikt framlegg:

Søknaden frå Spiren Aktivitetshus vert imøtekomen. Tilskotet vert å innarbeide i budsjett for 2017.

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Odd A. Folkestad, Gunnar Strøm og Sølvi Dimmen. Framlegget frå Odd A. Folkestad, Gunnar Strøm og Sølvi Dimmen vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:

Søknaden frå Spiren Aktivitetshus vert imøtekomen. Tilskotet vert å innarbeide i budsjett for 2017.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2013/296
		Arkivkode:	614

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
213/16	Formannskapet	15.11.2016
148/16	Kommunestyret	24.11.2016

SØKNAD OM OMDISPONERING AV DEPONERINGSTILSKOT - GRENDAHUSET VESTTUN/SPIREN AKTIVITETSHUS

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden frå Spiren Aktivitetshus om omdisponering av deponeringstilskotet (jf pkt 6 i avtale mellom Volda kommune og Grendahuset Vesttun) til eit restaureringstilskot på 100.000 kr.

Vedleggsliste:

Søknad om omdisponering av deponeringstilskot, datert 6.9. 2016 m. vedlegg
Vedtak i kommunestyret 20.6.13 om overdraging av Ulvestad skule (KST sak 92/13)
Avtale om overdraging av Ulvestad skule datert 17.6.2013

Saksopplysningar:

Grendahuset Vesttun har gitt foreininga *Spiren Aktivitetshus* i oppdrag å skaffe midlar til å setje Gamleskulen på Ulvestad i stand. Målet med dette arbeidet er å skaffe eit allbrukshus til laga/foreiningane og gruppene som er aktive i bygdene i området. Det er utarbeidd planar for korleis huset kan verte ein "smeltedigel" for lokal kultur og foreiningsliv (sjå vedlegg).

Kommunestyret vedtok i juni 2013 at Volda kommune skulle overdra Ulvestad skule- og grendahus vederlagsfritt til Grendahuset Vesttun.

Pkt 6 i avtalen heiter det:

"Dersom Grendahuset Vesttun innan utgangen av 2016 kjem til at gamleskulen må sanerast og deponerast, vil Volda kommune yte eit tilskot inntil kr 100.000,- til deponeringskostnader."

I avtalen som blei inngått blei det tatt høgde for at Grendahuset Vesttun var eit forholdsvis stort anlegg, som ville gje ein del driftsutgifter. I samband med overdraginga blei det derfor også ytt eit eingongstilskot på kr 125.000 som Grendahuset Vesttun kunne nytte til naudsynt vedlikehald, i tillegg til eit årleg tilskot på kr 75.000 i 10 år frå og med 2013.

Vurdering og konklusjon:

Då avtalen om overtaking av gamleskulen blei inngått, var eit evt. deponerings-/saneringstilskot på inntil 100.000 kr grunngeve med at det skulle vere eit økonomisk bidrag dersom gamleskulen ikkje kunne utnyttast rekningsvarande og måtte rivast for deponering. Det var ikkje intensjonen at dette beløpet kunne omdisponerast til å bli eit tilskot for å renovere bygget, og rådmannen rår derfor til at søknaden om å få omdisponert sanerings- og deponeringstilskotet vert avslått. Det ligg også til grunn for vurderinga at kommunen har investert i ein ny skule med amfi i nærområdet som er disponibelt for utleige på kveldstid dersom kapasiteten i skulelokalet/grendehuset Vesttun er sprengt. Vidare har Volda kommune eit barnehagebygg som ev også kan leigast til møteverksemd mv. Volda kommune må ha fokus på effektiv arealutnytting i dei bygga som eksisterer og som er i drift og sjå dette i samfunnsøkonomisk samanheng. I kommuneplanen vil slik tenking vere avgjerande dersom ein skal nå målsettinga om resultatgrad på 1,75 %.

Økonomiske konsekvensar:

Det må budsjetterast med inntil 100.000 kr til driftstilskot ettersom det ikkje er avsett løyving frå før.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Styret i Spiren Aktivitetshus v. Magne Drabløs

Spiren Aktivitetshus
v/ Magne Drabløs
Dalsfjordvegen 153
6133 Lauvstad

Lauvstad 06.09.2016

Til Volda Kommune
v/ Rådmannen
Stormyra 2
6100 Volda

Søknad om omdisponering av deponeringstilskot.

Då grendahuset Vesttun overtok bygningsmassen til Ulvestad skule i 2013, gjorde kommunestyret eit vedtak om at «***Dersom P/L Vesttun kjem til at Gamleskulen innan 3 år ikkje kan nyttast rekningsssvarande og må rivast for deponering, skal kommunen yte inntil kr. 100 000.- til dekning av deponeringskostnader***» (arkivsak 2013/296)

Grendahuset Vesttun har gitt foreiniga *Spiren Aktivitetshus* i oppdrag å prøve å skaffe midlar til å setje Gamleskulen i stand. Målet med dette arbeidet er å skaffe eit allbrukshus til dei mange laga/foreiningane og gruppene som er aktive i bygdene i området.

Foreiniga *Spiren Aktivitetshus* har utarbeidd planar for korleis huset kan verte ein «smeltedigel» for lokal kultur og foreiningsliv. (sjå vedlegg) Vidare er det med hjelp av fagfolk utarbeidd kalkylar for prosjektet.

Eit stort tal aktive lag og grupper støttar opp om prosjektet, og meiner dei vil ha stor nytte av at dette vert realisert. (sjå vedlegg)

Slik saka står no, planlegg me å starte restaureringsarbeidet i 2017, der omlegging av skifertaket er første delprosjekt.

Med bakgrunn i dette søker me Volda Kommune om at støtta til deponering som er gjengitt over, kan omdisponerast til eit restaureringstilskot på kr 100 000.- . Slik me ser det er det betre å bruke offentlege pengar til å skape noko enn å rive noko ned, - sett både frå miljøet og kulturen sin synsvinkel.

Med venleg helsing styret i Spiren Aktivitetshus,

Anders Moltu Lundberg,

Olav Sætre

Frode Tilseth

Ola Svein Sætre

Magne Drabløs (styreleiar)

Vedlegg: (I) Informasjon om Spiren Aktivitetshus, (II) Liste med Lag/foreiningar/grupper
(kopi til servicekontoret)



Spiren Aktivitetshus

- huset for dei frivillige -

Spiren Aktivitetshus er ei frivillig foreining som skal skape eit felles allbrukshus for frivillige lag, foreiningar og grupper. Dette i samarbeid med Grendahuset Vesttun, på Lauvstad i Volda kommune.

Huset skal vere ein møtestad for kreative og aktiviserande tiltak for barn, ungdom og vaksne både ute og inne.



Om prosjektet

Bakgrunnen for prosjektet er å gi husrom til alle dei titals frivillige lag, foreiningar og musikkgrupper i nærområdet vårt. Aktivitetshuset skal stå til fri disposisjon med eit stort allbrukslokale for helse, sosiale og aktivitetsføremål, ulike utstyrrom, bibliotek, kor- og øvingslokale, kultursamling, musikkrom og kunsthandverksrom med meir.

Til formålet vil vi bruke det gamle skulehuset på Ulvestad, eit bygg som i seg sjølv er ei kulturarv. Det vart oppført i klassisk stil i 1920, og det har ikkje vore gjort nokon endringar på fasadane. Det er eit flott hus. Vi vil ta vare på det og bruke det på best muleg måte.

Huset vil gje dei frivillige eit areal på omlag 400 kvm. For å få dette til må bygget sikrast med mellom anna omlegging av skifertaket, ytre fasade, branntrygging og elektrisk anlegg. Vi har behov for at huset skal støtte gjeldande lovverk og vere godt for dei frivillige å bruke. Huset har eit godt teknisk utgangspunkt, og uteområdet og nærmiljøet er av det aller beste.



Allbrukslokalet



Heile grunnetasjen, til bruk for:

- Fysiske øvelsar
- Kreative samlingar og møte
- Sang og musikk
- Treffpunkt for frivillige
- Kulturelle føremål, integrering mm.
- Garderobe/wc
- Eigen inngang



1. etasje



Innhold:

- Musikk- og øvingslokale
- Bibliotek
- Utstysrom
- Garderobe/wc
- Eigen inngang



2. etasje



Innhold:

- Kunsthandverksrom
- Kultursamling
- Musikkrom
- Utstysrom for lag/organisasjonar
- Garderobe



Prosjektfasar

Sidan prosjektet er stort for ei frivillig forening, så ser vi behov for å dele dette opp. Første fase vil vere å legge om det store skifertaket. Dette er den viktigaste og største enkeltkostnaden i prosjektet vårt.

Etter at taket er utbetra vil vi saman med mindre dugnad innvendig kunne ta i bruk deler av bygningen som tenkt. Dette gjeld bibliotek, øvingslokalet og utstysrom. Vidare vil vi sikre fasaden i det neste delprosjektet. Ein kan så foreta ein del innvendige oppgraderingar og byrje innreiing av grunnetasjen. Vi får då det etterlengta allbrukslokalet/småsalen på plass. Dermed har ein etablert eit unikt bygg - av og for dei frivillige, som ein miljøskapande og kulturell arena.




Dalsfjord, Lauvstad og Voldsfjord.



Til bruk og glede for
mellom andre:

Lauvstad Musikkorps
Grendahuset Vesttun
Lauvstad Helselag
Dalsfjord Mannskor
Damekoret Erlene
Dalsfjord KFUM/KFUK-speidarane
Vestsida idrettslag
Ulvestadbygda Folkeboksamling
Ytre Dalsfjord Utmarkslag
Volda og Dalsfjord Bondelag
Dalsfjord Bluegrassband
Free Halleluja Mountain Boys
Elias Jung & Poor Mouth
Nuthin' fancy
- med mange fleire.








*Ein arena for over 400 aktive
barn, ungdom og vaksne.
- sentralt i vårt område!*

*Spiren Aktivitetshus
Dalsfjordvegen 153
6133 Lauvstad*

*Tlf. nr. 971 66 505
Org. nr. 816 957 052
Kontonr. 3991.09.00459*

Gjeld planane for Spiren Aktivitetshus

Me er gjort kjende med planane for etablering av Spiren Aktivitetshus. Som lag/foreining/gruppe støttar me opp om prosjektet, og vil ha stor glede av å få kunne bruke dette huset slik det er skissert i vedtektene.

Lag/foreining/gruppe	kontaktperson	underskrift
Grendahuset Vestun	Edvin Dale	
Lauvstad Helselag	Inger Marie Sætre	Inger-Marie Sætre
Damekoret Erlene	Randi Tharaldsen	Randi Tharaldsen
Dalsfjord Mannskor	Ola Sætre	
Lauvstad Musikkorps	Magne Koppen	Magne Koppen
Ytre Dalsfjord Utmærkslag	Hans Martin Klokke	
Nuthin' fancy	Bjørn Breivik	Bjørn Breivik
Dalsfjord KFU/M/KFUK - speidarane	Steinar Lande	Steinar Lande
Ulvestadbygda Folkeboksamling	Lars Olav Drabløs	
Volda og Dalsfjord Bondelag	Erlend Koppen	Erlend Koppen
Dalsfjord Bluegrassband	Jan Øystein Aksnes	
Elias Jung & Poor Mouth	Stian Grønbech	Stian Grønbech
Free Hallelujah Mountain Boys	Sindre Løvik	Sindre Løvik
Vestsida idrettslag	Bjarne Sætreas	Bjarne Sætreas



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Grendahuset Vesttun v/styreleiar Ida Eggesbø

6133 LAUVSTAD

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2013/296	6451/2013	614	SVK/ US	26.06.2013

MELDING OM POLITISK VEDTAK - OVERDRAGING AV ULVESTAD SKULE

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 20.06.13, hadde føre ovannemnde som sak PS 92/13, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret godkjenner forslag til avtale med Grendahuset Vesttun slik den går fram av vedlegg 2 i denne saka.***
- 2. Overdragingskostnadene og driftstilskot på kr 75 000 for i år vert å dekkje i samband med budsjettregulering i 2013. Det årlege driftstilskotet i åra framover vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan. Eingongstilskot kr 125 000 vert å innarbeide i budsjettet for 2014.***
- 3. Kommunestyret gjer om inkje vedtak i K-sak PS 110/12 frå møte den 30.08.12.***

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Eigedomsavd. v/Kjell Magne Rindal
Samordning og utvikling v/Arne Eliassen
Planseksjonen v/Per Heltne
Komm.tekn. avd. v/Asbjørn J. Aasebø
Kart, oppm. og byggesak Jørgen Vestgarden
Økonomisjef Henrik Skovly
Rekneskap v/Gunnar L. Lillebø
Sakshandsamar Per Ernst Lundberg

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058886	Telefaks: 7005870170058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-------------------------------	---	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2013/296

Arkivkode: 614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
107/13	Formannskapet	04.06.2013
92/13	Kommunestyret	20.06.2013

OVERDRAGING AV ULVESTAD SKULE

Handsaming i kommunestyret:

Odd Harald Sundal fekk permisjon og gjekk. Det var 25 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Ordførar kom med fylgjande tilleggsframlegg som pkt. 3:

Kommunestyret gjer om inkje vedtak i K-sak PS 110/12 frå møte den 30.08.12.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet fekk 23 røyster og vart vedteke. 2 røysta mot.

Framlegget frå ordførar vart samrøystes vedteke. Det var 23 røysteføre til stades under røystinga av pkt. 3.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2013

- 1. Kommunestyret godkjenner forslag til avtale med Grendahuset Vesttun slik den går fram av vedlegg 2 i denne saka.*
- 2. Overdragingskostnadene og driftstilskot på kr 75 000 for i år vert å dekkje i samband med budsjettregulering i 2013. Det årlege driftstilskotet i åra framover vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan. Eingongstilskot kr 125 000 vert å innarbeide i budsjettet for 2014.*
- 3. Kommunestyret gjer om inkje vedtak i K-sak PS 110/12 frå møte den 30.08.12.*

Handsaming i formannskapet:

Erling Ulvestad reiste spørsmål om han var ugild, kl § 40, jf. fvl § 6, 2 l. Han tok ikkje del i handsaming av og røysting over spørsmål om ugildskap.

Røysting vedk. ugildskap:

Vår ref.: 2013/296

Side 2 av 5

Erling Ulvestad vart samrøystes kjent ugild.

Det var åtte røysteføre under handsaming av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 04.06.2013 til Kommunestyret:

- 1. Kommunestyret godkjenner forslag til avtale med Grendahuset Vesttun slik den går fram av vedlegg 2 i denne saka.*
- 2. Overdragingskostnadene og driftstilskot på kr 75 000 for i år vert å dekkje i samband med budsjettregulering i 2013. Det årlege driftstilskotet i åra framover vert å innareide i komande budsjett og økonomiplan. Eingongstilskot kr 125 000 vert å innarbeide i budsjettet for 2014.*

Erling Ulvestad tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner forslag til avtale med Grendahuset Vesttun slik den går fram av vedlegg 2 i denne saka.*
- 2. Overdragingskostnadene og driftstilskot på kr 75 000 for i år vert å dekkje i samband med budsjettregulering i 2013. Det årlege driftstilskotet i åra framover vert å innareide i komande budsjett og økonomiplan. Eingongstilskot kr 125 000 vert å innarbeide i budsjettet for 2014.*

Vedleggsliste:

1. F-sak 44/13, møte 12.3.13
2. Forslag til avtale med Grendahuset Vesttun

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Det vert gjort framlegg om at Volda kommune overdreg Ulvestad skule- og grendehus til Grendahuset Vesttun, og at det i samband med overdraginga m.a. vert ytt eit eingongstilskot på kr. 125.000,- og eit årleg tilskot på kr. 75.000,- i 10 år frå og med 2013.

Saksopplysningar:

Formannskapet gjorde i sak 44/13, møte 12.3.13, slikt vedtak:

- 1. Søknaden frå Ulvestad barneskule AS om leige i samsvar med motteke forslag til leigeavtale vert ikkje kome i møte.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak om å legge Ulvestad skule ut for sal, om der gjennom forhandlingar med P/L Vesttun eller andre frivillige aktørar i*

bygda ikkje er interesse for å overta bygget vederlagsfritt.

2. *Ein ber administrasjonen legge fram ny sak innan kommunestyremøte 02.05.13*

Administrasjonen i lag med ordførar tok umiddelbart kontakt med P/L Vesttun, og innleidde forhandlingar i samsvar med punkt 2 i vedtaket. Formannskapet har vore halde orientert om forhandlingane, og har gjeve utsetting av fristen 2.5.13.

Det har vore halde tre forhandlingsmøte med P/L Vesttun. I siste møte, halde 24.5.13, har partane forhandla seg fram til eit forslag til avtale, der hovudpunkta er:

- Kommunen overdreg eigedommen vederlagsfritt slik den er.
- Kommunen yter eit eingongstilskot på kr. 125.000,-, som P/L Vesttun vil nytte til naudsynt vedlikehald.
- Kommunen yter årleg driftstilskot på kr. 75.000,- i 10 år
- Dersom P/L Vesttun kjem til at Gamleskulen innan 3 år ikkje kjem til at den kan ytnyttast rekningsssvarande og må rivast for deponering, skal kommunen yte inntil kr. 100.000,- til dekning av deponeringskostnader.
- Driftsavtalen frå 1.6.79 vert oppheva, jfr. omtale av denne i sak 44/13, jfr. *vedlegg 1*.

Vi viser til forslag til avtale, jfr. *vedlegg 2*.

I forhandlingsmøtet 24.5.13 kom det fram at anlegget har vor drifta på eit midlertidig bruksløyve. P/L Vesttun tek atterhald om at permanent driftsløyve kan gjevast utan særlege kostnader.

Det kom i same møte opp dette med eigedomsskatt, og dei ynskte eit punkt i avtalen om at slik skatt ikkje skal innkrevjast for dette anlegget. Kommunen sine representantar heldt fram at det kan gjevast fritak for bygg eigd av ideelle organisasjonar og liknande, og at dette er eit punkt som vil verte drøfta i den føreståande saka om innføring av eigedomsskatt.

Administrasjonen signaliserte at det vil verte gjort framlegg om slikt fritak for ideelle organisasjonar sine eigedomar slik som grendehus.

P/L Vesttun er i dag eit partslag, og det vert arbeidd med å registrere laget i Einingsregisteret, slik at det pr. i dag ikkje ligg føre organisasjonsnummer. Laget må elles skifte namn til foreninga Grendahuset Vesttun i samband med ei slik registrering. Såleis er det i forslaget til avtale skrive Grendehuset Vesttun som avtalepart, og vi reknar med at organisasjonsnummer er på plass til skøyte skal skrivast.

Vurdering og konklusjon:

Ulvestad skule- og grendehus er eit forholdsvis stort anlegg, som det er ei utfordring å drifte. Såleis har vi kome til at vi vil rå til at kommunen overdreg eigedommen vederlagsfritt og at det vert gjeve eit eingongstilskot og årlege driftstilskot i 10 år. Vi rår også til at om Grendahuset Vesttun kjem fram til at Gamleskulen må sanerast ved deponering, vert det ytt eit deponeringstilskot.

Ved overdraging av anlegget i samsvar med vedlagde avtale, vil Volda kommune sine kostnader til drift av eigedomar verte redusert, sjølv om det ideelle ville vere om kommunen slapp unna eingongstilskotet og årlege tilskot. Det må her nemnast at Ulstein kommune no

gjer tilsvarande avtalar med bygdelaga i Flø, Eiksund og Dimna i høve nedlagde skule-/grendehus der.

Ved overdraging som omtalt, vil Grendahuset Vesttun hefte for alle driftskostnader og står då også fritt til å disponere eigedomen slik dei sjølv vil, t.d. å leige ut til ymse tiltak og skaffe seg inntekter på det.

Eg rår til at kommunestyret aksepterer avtalen i *vedlegg 2*.

Helse og miljøkonsekvensar:

Kommunen si medverknad til at grendehuset på Ulvestad vert oppretthalde vil ha positive verknader for folkehelsa, då huset vert nytta både til idrettsaktivitetar og anna kulturell verksemd.

Økonomiske konsekvensar:

Det er viktig for kommunen å unngå framtidige driftskostnader for bygg kommunen ikkje treng. Ulvestad skule- og grendehus er eit slikt bygg, men som omtalt i punktet ovanfor er det viktig for bygda at grendehusfunksjonen vert oppretthalde. Ved å overdra eigedomen vederlagsfritt, men yte driftstilskot vil kommunen likevel bli påført kostnader. Slik situasjonen er vil kommunen sine kostnader likevel verte mindre enn om kommunen skulle drifte anlegg sjølv. Kostnadane denne avtalen medfører må innarbeidast i dei årlege budsjetta.

Prinsippa i denne avtalen vil ligge til grunn for avhending av andre kombinerte skule-/grendehus, men det gjennomførast reelle tiningar med aktuelle lag/organisasjonar om konkrete vilkår.

Beredskapsmessige konsekvensar:

I ein krisesituasjon kan anlegget nyttast til t.d. innkvartering.

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Grendahuset Vesttun
v/styreleiar Ida Eggesbø,
6133 Lauvstad.

Eigedomsavdelinga, her
Samordning- og utviklingsstaben, her
Planseksjonen, her
Kommunalteknisk avdeling, her
Kart-/oppmåling- og byggavdelinga, her.
Økonomiavdelinga, her

AVTALE

Mellom Volda kommune, org. nr. 939 760 946

og Grendahuset Vesttun, 6133 Lauvstad, org. nr. 912 060 705

er det inngått slik avtale:

1. Volda kommune overdrer eiegenommen gnr. 160 bnr. 25, Haugevegen 12, og eiegenommen "Gamleskulen" i Volda til Grendahuset Vesttun vederlagsfritt, slik eiegenomane framstår på avtaletidspunktet.
2. Regulert areal til bygging av "Skulebakken", jfr. reg.plan av 2.5.13, k-sak 57/13, vert halde utanom overdringa, men slik at Volda kommune står for kostnaden med oppmåling og frådeling av det areal som fell på gnr. 160, bnr. 25.
3. Volda kommune skal i samband med overdringa yte Grendahuset Vesttun eit eingongstilskot på kr. 125.000,-. Dette tilskotet kjem til utbetaling i 2014.
4. I samband med overdringa skal Volda kommune skal yte Grendahuset Vesttun eit årleg driftstilskot på kr. 75.000,-, gjeldande i 10 år, frå og med 2013.
5. Grendahuset Vesttun syter sjølv for avtale med eigarane av bruka på gnr. 160 i høve vilkår for arealet gamleskulen står på.
6. Dersom Grendahuset Vesttun innan utgangen av 2016 kjem til at gamleskulen må sanerast og deponerast, vil Volda kommune yte eit tilskot på inntil kr. 100.000,- til deponeringskostnader .
7. Volda kommune dekkjer kostnadane med overskøyting av eiegenommen.
8. Partane er samde om at avtalen mellom Volda kommune og Grendahuset Vesttun om "Fordeling av bygge- og driftskostnader for skule/grendahus i Ulvestad krins" av 1.6.79 vert oppheva frå d.d.
9. Grendahuset Vesttun kan i løpet av 2022 ta opp spørsmålet om reforhandling av pkt.4.
10. Denne avtalen gjeld for Grendahuset Vesttun ved underskrift av styret, og for Volda kommune ved vedtak i kommunestyret.
11. Tvist eller tvil vedkomande tolking og/eller gjennomføring av denne avtalen skal avgjerast ved ordinær rettergang ved Søre Sunnmøre tingrett.

Volda/Lauvstad, den 17.06.2013

Volda kommune

Ordførar



for Grendahuset Vesttun:

Ida Eggesbø
Ida Eggesbø, leiar

Bjarne Sætreås
Bjarne Sætreås

Reidulf Raudøy
Reidulf Raudøy

Sissel R. Torvik
Sissel Torvik

Roy Andresen
Roy Andresen

AVTALE

Mellom Volda kommune, org. nr. 939 760 946

og Grendahuset Vesttun, 6133 Lauvstad, org.nr 912 060 705

er det inngått slik avtale:

1. Volda kommune overdrer eiegenomen gnr. 160 bnr. 25, Haugevegen 12, og eiegenomen "Gamleskulen" i Volda til Grendahuset Vesttun vederlagsfritt, slik eiegenomane framstår på avtaletidspunktet.
2. Regulert areal til bygging av "Skulebakken", jfr. reg.plan av 2.5.13, k-sak 57/13, vert halde utanom overdraginga, men slik at Volda kommune står for kostnaden med oppmåling og frådelling av det areal som fell på gnr. 160, bnr. 25.
3. Volda kommune skal i samband med overdraginga yte Grendahuset Vesttun eit eingongstilskot på kr. 125.000,-. Dette tilskotet kjem til utbetaling i 2014.
4. I samband med overdraginga skal Volda kommune skal yte Grendahuset Vesttun eit årleg driftstilskot på kr. 75.000,-, gjeldande i 10 år, frå og med 2013.
5. Grendahuset Vesttun syter sjølv for avtale med eigarane av bruka på gnr. 160 i høve vilkår for arealet gamleskulen står på.
6. Dersom Grendahuset Vesttun innan utgangen av 2016 kjem til at gamleskulen må sanerast og deponerast, vil Volda kommune yte eit tilskot på inntil kr. 100.000,- til deponeringskostnader .
7. Volda kommune dekkjer kostnadane med overskøyting av eiegenomen.
8. Partane er samde om at avtalen mellom Volda kommune og Grendahuset Vesttun om "Fordeling av bygge- og driftskostnader for skule/grendahus i Ulvestad krins" av 1.6.79 vert oppheva frå d.d.
9. Grendahuset Vesttun kan i løpet av 2022 ta opp spørsmålet om reforhandling av pkt.4.
10. Denne avtalen gjeld for Grendahuset Vesttun ved underskrift av styret, og for Volda kommune ved vedtak i kommunestyret.
11. Tvist eller tvil vedkomande tolking og/eller gjennomføring av denne avtalen skal avgjerast ved ordinær rettergang ved Søre Sunnmøre tingrett.

Volda/Lauvstad, den 17.06.2013

Volda kommune

Ordførar



for Grendahuset Vesttun:

Ida Eggesbø
Ida Eggesbø, leiar

Bjarne Sætreås
Bjarne Sætreås

Reidulf Raudøy
Reidulf Raudøy

Sissel R. Torvik
Sissel Torvik

Roy Andresen
Roy Andresen

Handsaming:

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet, han er nabo til området, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Gunnar Strøm tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent habil.

Gunnar Strøm tok sete.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:

Volda kommunestyre godkjenner avtalen mellom eigarar av gnr.30 bnr.18 og Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 til denne saka.

Volda kommune sin del av sikringskostnadene inntil kr. 90.000,- vert å dekke ved ubunde investeringsfond.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2015/1299
		Arkivkode:	L83

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
188/16	Formannskapet	18.10.2016
149/16	Kommunestyret	24.11.2016

AVTALE OM KJØP AV GRUNN TIL FRIOMRÅDE - ANDANESET

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner avtalen mellom eigarar av gnr.30 bnr.18 og Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 til denne saka.

Volda kommune sin del av sikringskostnadene inntil kr. 90.000,- vert å dekke ved ubunde investeringsfond.

Vedleggsliste:

1. Avtale mellom eigarar av gnr.30 bnr.18 og Volda kommune d.s. 07.09.2016
2. Skriv frå Miljødirektoratet d.s. 26.05.2016 vedkomande medverknad til sikring og tilrettelegging av Andanaset m.m.
3. Søknad om statlege midlar til sikring av Friluftslivområder - 2016

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Kommunen har framforhandla avtale om sikring av grunn til friområde med eigarar av gnr.30 bnr.18. Rådmannen vil tilrå formannskapet å godkjenne avtalen

Saksopplysningar/fakta:

Kommunen ser det som ynskjeleg at avsette friområde i umiddelbar nærleik til sentrum vert sikra for ålmenta. Det vert i denne samanheng vist til at kommunen i 2011 sikra det avsette friområdet "Steinbrotet" nordvest i sentrum (f-sak 63/11, møte 22.6.11), slik at "Munken" og "Steinbrotet" no er sikra for ålmenta her. Såleis er det no tid for å sikre friområde søraust i sentrum: Andanaset.

Både vedlagde søknad frå Volda kommune om statlege midlar til sikring av Friluftsområde og skrivet frå Miljødirektoratet om medverknad til sikring og tilrettelegging av Andanaset m.m. gjev ei god grunngjeving for kvifor dette området er så viktig for allmenta å sikre seg for framtida.

Formannskapet gjorde med bakgrunn i m.a. skriv d.s. 16.01.15 frå eigarane av gnr.30 bnr.18 i møte 09.06.2015 PS sak 93/15 vedtak der dei bad administrasjonen tinge med sikte på avtale om offentleg erverv av det i kommunedelplanen avsette friområdet på Andanaset.

I pkt.2 i vedtaket går det vidare fram;

2. *Tinging skal skje med atterhald om godkjenning av ev avtale i kommunestyret og godkjent økonomisk dekning. Primært bør det arbeidast for statleg ordning for overtaking av friområde, sekundært kommunal dekning gjennom budsjett og økonomiplan.*

Saka vert med bakgrunn i dett e lagt fram for kommunestyret.

Tilhøve til samfunnsplanen:

Dette tiltake går rett inn i dei mål og strategiar som kommunen nyleg vedtok i safunnsplanen.

- Vidareutvikle gang- og stinettverket og legge til rette for tilgang til natur og friluftslivsområde.
